



AUSTEVOLL KOMMUNE

KULTURMILJØPLAN 2016 – 2028

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø
i Austevoll kommune - Revidert utgåve 2022

Vedteken i Austevoll kommunestyre den 22.09.22 – sak 099/22



”Kulturminne - ei kjelde til kunnskap, oppleving og identitet”

Innhald

Samandrag.....	8
DEL 1 GENERELL DEL.....	9
Planarbeidet	10
Organisering og medverknad	10
Mandat for revidering av kulturmiljøplanen.....	11
Planen si oppbygging og innhald	11
Kvifor kulturmiljøplanar?.....	11
Overordna føringar for kulturminne/kulturmiljøfeltet.....	12
Mål med lokal kulturmiljøplan.....	13
Omgrep innan kulturminnevernet	14
Ulike vernekategoriar	15
Aktørar innan ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø.....	16
Forvalting av kulturminne i lokal offentleg regi	23
Vern gjennom bruk og motiverte private eigarar	24
Formidling av kulturminne og kulturmiljø	24
Tilskot og økonomiske støtteordningar	24
DEL 2 LOKAL HISTORIE, LOKALEKULTURMINNE OG KULTURMILJØ	26
Austevoll frå fortid mot framtid – lokalhistorisk kortversjon	27
KULTURMINNE I AUSTEVOLL – TEMATISK OVERSYN	30
Fornminne/Automatisk freda kulturminne.....	31
Gravrøyser Kongsen på Selbjørn	33
Steinalderbuplassar Drivenes på Selbjørn.....	34
Gravrøys Kolhaugen Bekkjarviksundet på Huftarøy	35
Gravrøys Eidsbøen på Huftarøy.....	35
Gravhaug Prestaneset/Storebø på Huftarøy	36
Gravrøysa på Aratuå/Grønestølen på Hufthamar.....	37
Skipsfunn/Funn under vann.....	38
Nyare tids kulturminne – kategoriar for vern og ivaretaking	39

HANDELS- OG GJESTGJEVARSTADAR	40
Handels- og gjestgjevarstaden: Kvalvåg	40
Handels- og gjestgjevarstaden: Bekkjarvik	41
Handels- og gjestgjevarstaden: Bakholmen	42
Handels- og gjestgjevarstaden: Gamle Bakkasund	43
Handels- og gjestgjevarstaden: Krosshamn	44
Handels- og gjestgjevarstaden: Kolbeinshamn	45
Kulturmiljøet: Storebø kai – «Hippakaaien»	46
Kulturmiljøet: Naustvågen på Møkster - Handelsstaden Møkster Landhandel	47
Kulturmiljøet: Naustvågen på Møkster - Handelsstaden Alfred Johnsen Ass.Landhandel	48
Kulturmiljøet: Fagerbakkevågen	49
Kulturmiljøet: Kolbeinsvik	50
 SJØBRUKSMILJØ	 51
Kulturmiljøet: Salthella – sjøbruksmiljø	51
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Stolmavågen	52
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Stangelandsvågen	53
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Vestrevågen - Møkster	54
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet - Litlekalsøy	55
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet – Kalve/ Storekalsøy	56
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet - Klepsvik/Storekalsøy	57
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet Bakka/Bakkastraumen Storekalsøy	58
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Melingsvågen (aust og vest) Hundvåkøy	59
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Ølnavågen Hundvåkøy	60
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Øklandsvågen Hundvåkøy	61
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Vasseide/Birkeland Huftarøy	62
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet ved Storebøvågen – Storebø Huftarøy	63
Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Selvågen Huftarøy	64
Kulturmiljøet: Sag og Steinnaust i Sandvik (Gardvik) – Huftarøy	65
Kulturmiljøet: Drønspollen/Drøna – Huftarøy	66
Kulturmiljøet: Gauksheim – Treet – Selbjørn	67
Kulturmiljøet: Grasdalsjøen/ Sætre – Selbjørn	68
Kulturmiljøet/-minne: Fjordamannsbu – Sandtorv	69

KYSTGARDEN. GARDSANLEGG, GARDSHUS OG UTMARKSVERKSEMD.....	70
Kulturmiljøet/Kystgarden: Museumstunet - Hufthamartunet	71
Kulturmiljøet/Kystgarden: Hotvik ved Gauksheim – Selbjørn.....	73
Kulturmiljøet: Gardsmiljø Vassnes	74
Kulturmiljøet: Gardsmiljø Grepanes – Birkeland – Hufterøy.....	75
Kulturmiljøet: Gardsmiljø Såtendal – Hufterøy	76
Kulturmiljøet: Gardsmiljø Notanes– Hufterøy	77
Kulturmiljøet: Gardsmiljø Hille – Storekalsøy	78
Kulturminne/miljø: Potetkjellar/jordkjellar på Økland	79
Kulturminne/miljø: Potetkjellar/jordkjellar på Taranger.....	80
Kulturminne/miljø: Geithus Åsmundpollen i Eido.....	81
Kulturmiljø: Torvhus og torvmyrer i utmarka	82
Kulturminne/miljø: Brakatorvhus i Bratten	83
Kulturminne/-miljø: Uthus, steinsette innhegningar og steingardar i utmarka	84
Kulturminne/miljø: Steingardar	85
Kulturminne/miljø: “Samson sine murar” - Årland Stolmen.....	86
Kulturminne/miljø: Steingardar og murar på Rosseide/Ystaneset på Stolmen.....	87
Kulturminne/miljø: Gauksheim – «Treet» - Selbjørn.....	88
Kulturminne/miljø: Helleren “OVEN” ved Hotvik/Gauksheim	89
Kulturminne/miljø: Ørne- og oterhytter på Selbjørn.....	90
Kulturminne/miljø: Setermiljø – Uteflorar i utmarka Rabben/Veivåg.....	92
 KYRKJER, KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR	 93
Kulturmiljø: Austevoll Kyrkje – Storebø.....	93
Kulturmiljø: Stolmen/Møkster Kyrkje - Stolmen.....	94
Kulturmiljø: Bekkjarvik Kyrkje – Bekkjarvik	95
Kulturmiljø: Storekalsøy Kyrkje - Storekalsøy	96
Kulturmiljø: Stolmen/Kvalvåg Gravplass med ringetårn.....	97
Kulturmiljø: Kalve «Kolerakyrkjegarden» - Gravplass med ringetårn Kalve/Storekalsøy	98
Kulturmiljø: Storebø gamle gravplass med ringetårn	99
Kulturmiljø: Møkster Kyrkjestad/gravplass	100
Kulturmiljø: Litlakalsøy gravplass/ringetårn	101
Kulturmiljø: Hundvåkøy gravplass m/kyrkje	102
Kulturmiljø: Kyrkjestaden på Sandtorv	103

Kulturmiljø: Gravplassen i Vinnesvågen	104
SAMFERDSLE	105
Kulturmiljø: Kaianlegg for ruteanløp Kvalvåg	105
Kulturmiljø: Kaianlegg for ruteanløp i innløpet til Heimarkspollen	106
Kulturmiljø: Kaianlegg for ruteanløp Røstøy	107
Kulturmiljø: Ferdselsårer/bygdevegar i kommunen	108
NÆRINGSBYGG; TEKNIKE/INDUSTRIELLE KULTURMINNE OG KULTURMINNE KNYTT TIL VASSDRAG	109
Kulturmiljø: Bygdesag og mølleanlegg – Haukanesvassdraget Sagvatnet og Kvernavatnet	109
Kulturmiljø: Vassdrag med mølleanlegg - Vestre-Vinnesvåg	110
Kulturmiljø: Mølleanlegg mellom Gauksheim og Hottvik på Selbjørn	111
Kulturmiljø: Kvernhus v/Kvernavatnet Storebø	112
Kulturmiljø: Kvernhus v/Kvernavatnet Kolbeinsvik	113
Kulturmiljø: Steinbrot for granittuttak Røstøy	114
Kulturmiljø: Steinbrot for granittuttak Storavikjo/Busepollen	115
Kulturmiljø: Steinbrot for granittuttak Seiholmen ved Røstøy	116
Kulturmiljø: Steinbrot for marmor på Salthella	117
Kulturmiljø: Anlegg for uttak av is til fiskeeksport /Kvalvåg Stolmen	118
Kulturmiljø: «Kanalen» Sørvik/Stolmen	119
Kulturmiljø: Salteri i kommunen	120
Kulturmiljø: Nothengjer i kommunen	121
Kulturmiljø: Barkeri i kommunen	122
Kulturmiljø: Loshytta og skipmannsstegen på Kalve/Storekalsøy	123
Kulturmiljø: Smie i Røstøy	124
Kulturmiljø: Smie i Bekkjarvik	125
Kulturmiljø: Elektrisk straum	126
SAMFUNNSINSTITUSJONAR, OFFENTLEGE BYGG; ORGANISASJONSBYGG OG SKULEBYGG	127
Kulturmiljø: Samfunnshuset på Stolmen	127
Kulturmiljø: Samfunnshuset /«Grendahuset» på Storebø	128
Kulturmiljø: Skulehuset i Gauksheim	129
Kulturmiljø: Skulehuset i Haukanes	130
Kulturmiljø: Gamleskolen på Storebø	131

Kulturmiljø: Gamleskolen i Naustheller/Nauthella - Kolbeinsvik	132
Kulturmiljø: Skulehuset i Bratten (Bratta skule).....	133
Kulturmiljø: Gamleskolen i Drøna - grunnmuren	134
Kulturmiljø: Bedehus i kommunen	135
 FORSVAR OG KRIGSMINNE	 136
Kulturmiljø: Grøntuo på Stolmen	136
Kulturmiljø: Drøna - Restar av flyvrak frå andre verdskrig.....	137
Kulturmiljø: «Skåtunhola» Lyttestasjon I 2- verdskrig – Loddø - Huftarøy.....	138
 FERIE OG FRITID – UTEIGE BUSTADAR/HYTTEBYGGING	 139
 FASTE KULTURMINNE _LOKAL BYGGESKIKK OG HISTORISK UTVIKLING.....	 140
Døme på utviklinga innan lokal bustadbygging i Austevoll.....	141
Minnesmerke, parkar og hagar	145
Kulturmiljø: Minnestein - Austevoll kyrkje	145
Kulturmiljø: Minnestein Austevoll kyrkje	146
Kulturmiljø: Minnestein Møkster/Stolmen Kyrkje på Stolmen	147
 LAUSE KULTURMINNE.....	 148
Private og offentlege samlingar av kulturhistoriske gjenstandar.....	148
Kulturmiljø: Privat museum – Økland på Hundvåkøy.....	148
Kulturmiljø: Kystmuseet på Storekalsøy – Bakkasund.....	149
Kulturmiljø/minne: Barkegryte frå Kvalvågen på Stolmen	150
Kulturmiljø: Kystmuseum/Båtsamling - Bekkjarvik	151
Kulturmiljø: Skulemuseum – Gamleskolen på Storebø.....	152
Båt og fartøy.....	153
Kulturmiljø: Båtbygging på Dalen/Bjelland på Storebø og «Slorkjen»/Vassnes I Kolbeinsvik	153
Kulturmiljø: Motorverkstad/Produksjon av motorar	154
Reiskap frå fiskeri og anna verksemd	155
Kulturminne: Garn, not og anna reiskap frå lokalt fiskeri	155
Foto og skriftleg materiale.....	156
Kulturminne: Gamle foto	156
Kulturminne: Gamle brev og anna privat skriftleg materiale	157

IMMATERIELL KULTURARV - HANDVERK.....	158
Kulturminne: Handverket knytt til Austevollbunaden.....	158
Kulturminne: Handverket knytt til båtbygging.....	159
Kulturminne: Handverket knytt til reiskap brukt til fiskeri og jordbruk.....	160
Kulturminne: Tørrmuring i naturstein	161
Kulturminne: Lyngbrenning i utmarka	162
Tradisjonsforteljing, song og musikk.....	163
 DEL 3 HANDLINGSPLAN FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I AUSTEVOLL 2021 – 2025.....	164
Handlingsplan for kulturminne og kulturmiljø i Austevoll 2022 – 2025	165
Målsetting generell del.....	165
Målsetting for fornminne og automatisk freda kulturminne	167
Målsetting for kulturminne i nyare tid (faste kulturminne og kulturmiljø)	168
Målsetting for lause kulturminne.....	170
Målsetting for immaterielle kulturminne.....	1721
Skjematisk oversyn – Vernekategori A, B og C	172
Føresegner og retningslinjer for bevaring av kulturminne og kulturmiljø Vernekategori A, B og C	178
KULTURMINNE I AUSTEVOLL SKJEMA FOR REGISTRERING OG VERDSETTING AV LOKALE KULTURMINNE	181
HØYRINGSINNSPEL TIL REVIDERT KULTURMILJØPLAN 2016 -2028	183
Kjeldeliste	188

Samandrag

I meir enn 10.000 år har folk klora seg fast på dei vindfulle øyane her i vest. Fiske og verksemdar knytt til aktivitet på sjøen har i hundreår vore grunnpilaren i næringslivet. Arkeologiske funn vitnar om at sjøen hadde ei viktig rolle for folket her vest allereie då isen trekte seg attende. Leveveg og livsvilkår finn ein framleis att i kystkommunen sine mange spanande kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Kommunen har ein rik kulturarv som ein kan vera stolt av. Dei mange kulturminna er med på å gje øysamfunnet Austevoll eit unikt særpreg og austevollingen sin identitet.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø 2016 – 2028 er den første kulturmiljøplanen som vert utarbeidd for kommunen. Planen vert ein delplan av kommuneplanen sin samfunnsdel, og er heimla i Plan og bygningslova §11-9, arealføremål jf. pbl § 11-7, omsynssoner med retningslinjer og føresegn jf. pbl §11-8. Planen skal reviderast kvart 4. år.

Prosjektarbeidet med denne delplanen vart arbeidd med i perioden august 2015 – juni 2016, og revidert i perioden august 2020 – november 2021. Prosjektarbeidar/kulturminnekonsulent har i dei ulike periodane arbeidd med temaet kvar torsdag. Austevoll kommune har fått tilskot frå Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren til dette arbeidet.

Kulturmiljøplanen gir eit bilde av situasjonen for kulturminne og kulturmiljø i Austevoll her og no. Målet er at planen skal vera ein mal for kommande arbeid og revideringar av kulturmiljøplanen. Planen er og tenkt som eit verktøy for dagleg kulturminne-/miljøforvaltning. Håpet er at arbeidet og skal vera eit bidrag til å fremja forståing for verdien av kulturminna og kulturmiljø for dei som til ei kvar tid bur i lokalsamfunnet.

I arbeidet med kulturmiljøplanen har ein stilt seg spørsmål:

Kva rammer har ein å arbeida etter innan kulturminnefeltet her lokalt?

Korleis står det eigentleg til med kulturminnefeltet i Austevoll?

Kva arbeid bør prioriterast i planperioden fram mot neste revidering?

I revidert kulturmiljøplan har ein jobba med desse spørsmåla og kom fram til tre delar. I delane er det fokusert på følgande:

-Del 1 omhandlar det generelle knytt til kulturmiljøplanar, omgrep innan kulturminnevernet, aktørar innan kulturminnevernet, utfordringar og mål, forvaltning av lokale kulturminne og tilskot

-Del 2 tek for seg lokal historie, lokale kulturminne, kulturmiljø, beskriving av det enkelte minnet, kategorisering og tiltak i planperioden.

-Del 3 har handlingsplan for kulturminne og kulturmiljø i Austevoll 2022 – 2025. I vedlegg 1 finn ein føresegnar og retningslinjer for bevaring av kulturminne og kulturmiljø - Kategori A, B og C (Vedlegg1). I vedlegg 2 ligg skjema som er bruk og kan brukast i vidare arbeid for verdsetting og klassifisering av lokale kulturminne.

I det tidsavgrensa arbeidet med revidering av kulturmiljøplanen har det vore viktig å lyfta fram og visa at ein har eit spanande mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Det kjem vidare fram at det framleis er trong for grunnarbeid når det gjeld registreringar, dokumentering og verdsetting av kulturminna. Planen vert difor eit «levande dokument». Dette er viktig for å sikra kunnskap og få til ei betre offentleg forvaltning, privat skjøtsel og vern. Ved å ta godt vare på eit utval av lokale kulturminne og miljø, vert dei kjelder til kunnskap, oppleving, identitet, ny verdiskaping - og for dei kommande generasjonane.

Det må understrekast og rettast ein takk til dei mange lokale entusiastar som gjer eit formidabelt arbeid med å ta vare på lokal byggeskikk, og anna innan den lokale kulturarven. Me håper kulturmiljøplanen kan bidra til at det blir lettare for dei å gjennomføra prosjekt og at fleire vil jobba for ta den lokale kulturarven med seg inn i framtida. Motto for dette arbeidet er difor «kulturminne – ei kjelde til kunnskap, oppleving og identitet» .

God lesing og bruk av den reviderte kulturmiljøplanen for Austevoll!

DEL 1 GENERELL DEL

Kulturmiljøplanar

Omgrep innan kulturminnevernet

Aktørar innan kulturminnevernet

Utfordringar og mål

Forvalting av lokale kulturminne

Tilskot



Bærekraftsmåla viser vegen for samfunnsplanlegginga – globale spørsmål krev lokale svar. Kjelde: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>

Planarbeidet

Austevoll kommune fekk sin fyrste kulturminneplan/kommunedelplan for kulturminne i 2016. Denne planprosessen og ferdig plan var nybrottsarbeid. Erfaring etter fire år med den nye planen, er at dette har fungert som lause rammer for den lokale kulturminneforvaltinga. I revidering av kulturminneplanen er det etterlyst ein betre oversikt over kulturminna og kulturmiljø som må sikrast for ettertida. Ynskjet er at ein i revideringa legg vekt på kulturminneverdiar og prioritering av desse ut frå A-, B- og C-kategoriar. Dette vil gjera det lettare å sikra og forvalta lokale kulturminne og kulturmiljø.

Organisering og medverknad

Planarbeidet er eit samarbeid mellom kultur- og planavdelinga i Austevoll kommune. Arbeidet byggjer på eksisterande plan frå 2016 og innkomne forslag til betring/tilrettelegging av planen. Målet er at ein i denne omgangen jobbar fram eit meir brukarvennleg dokument for lettare og betre forvaltning av lokale kulturminne. Kulturminne og kulturmiljø som vert handsama i denne planen, vart samla inn etter forslag frå lokalbefolkninga i november og desember 2015. Målet er at ein etter kvart registrerer fleire kulturminne/kulturmiljø og legg desse inn på www.askeladden.no og/eller formidlar kunnskapen til lokalbefolkning og andre.

Kulturavdelinga har stått for tilsetting av prosjektarbeidar. Denne personen har jobba kvar torsdag (20% stilling) med revideringsarbeidet frå 17 august 2020 til desember 2021. Tenesteutvalet vedtok at planen skulle ut på høyring den 19 april 2022. Innan høyringsfristen den 17 juni 2022 kom det innspel frå 5 ulike aktørar. Desse innspela er jobba inn i planutgåva.



Kyrkjelyden er samla etter ei gravferd ved Storebø kyrkje ca.1936. Maleriet er signert Monsen. Etterkommarane etter prestens Mjøs har gitt dette kulturhistoriske maleriet attende til Austevoll. Utlån: Oddvar Stangeland

Mandat for revidering av kulturmiljøplanen

1. Gje betre oversikt over kulturminne og kulturmiljø i Austevoll kommune
2. Prioritera kulturminne og kulturmiljø ut frå verneverdiar knytt til A-, B- og C-kategoriar
3. Revidert plan skal utarbeidast ut frå oppdaterte nasjonale og regionale retningslinjer
4. Planen skal intergrerast i kommunen si øvrige verksemd og anna planleggingsarbeid
5. Revidert plan skal ha med ein handlingsplan for vidare arbeid fram mot ny revidering i 2025

Planen si oppbygging og innhald

Planen har tre delar:

- Del 1 omhandlar det generelle knytt til kulturminneplanar, omgrep innan kulturminnevernet, aktørar innan kulturminnevernet, utfordringar og mål, forvaltning av lokale kulturminne og tilskot
- Del 2 tek for seg lokal historie, lokale kulturminne, kulturmiljø, beskriving av det enkelte minnet og tiltak i planperioden
- Del 3 har handlingsplan for kulturminne og kulturmiljø i Austevoll 2021 – 2025. Her finn ein og føresegner og retningslinjer for bevaring av kulturminne og kulturmiljø - Kategori A, B og C (Vedlegg1). i vedlegg 2 ligg skjema som er brukt for verdsetting og klassifisering av lokale kulturminne.

Kvifor kulturmiljøplanar?

Kulturmiljøplanen er totalt sett eit bidrag til formidling av Austevoll sin

unike historie. Austevollingen har gjennom historia hatt eit naturbasert liv ved kysten. Hus, naustmiljø, utmarksløer, kyrkjer og kulturlandskap er berre nokre av kjeldene for å hugsa og forstå fortida, men og gleda oss i notid. Den rike kulturarven kan nyttast som eit verkemiddel for noverande og kommande generasjonar sitt arbeid for god livsmeistring og identitetsskaping.

Berekraftig turisme og reiseliv er eit uttalt mål frå FN. I dette har Austevoll eit ansvar for å styrkja innsatsen for vern og sikring av kultur- og naturarven. Det er og eit mål frå FN at lokalmiljø skal arbeida for å fremja lokal kultur og lokale produkt. Kulturminneplanen vert difor eit viktig verkemiddel for å nå desse måla.

Den overordna kulturminneforvaltninga i Norge vert styrt av Klima- og miljøverndepartementet og med Riksantikvaren ved roret. Gjennom prosjektet «kulturminne i kommunane» (KIK) har dei sett seg som

FNs berekraftsmål

Å forvalta kulturminne er eit internasjonalt ansvar. Norge har slutta seg til desse måla. For å nå måla må ein:

11.4) Styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv

8.9) Innen 2030 utarbeide og iverksette politikk for å fremme en bærekraftig turistnæring som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter

12.B) Utvikle og innføre metoder for å måle effekten av bærekraftig reiseliv som skaper arbeidsplasser og fremmer lokal kultur og lokale produkter

mål at flest mogleg av kommunane i landet skal ha tilgjengeleg kunnskap og oversikt over viktige kulturminne. Dei vil og at kommunane skal ha planar for forvaltning av kulturminna.

Riksantikvaren ynskjer vidare at verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal sikrast i arealplanar og leggst inn i relevante register. Alle kommunar skal sjølv ha, eller ha tilgang til, naudsynt kompetanse og verktøy for å kunna ivareta kulturminna. Ein kulturmiljøplan kan sjåast i samband med god lokalsamfunnsutvikling. Ein kan la kulturminna bli ein ressurs og ein premiss for diskusjonar og avgjerder i lokalsamfunnet. Kulturminneplanane skal gi betre grunnlag for offentleg tilskots- og økonomiforvaltning, der det og skal vera mogleg for private eigarar å få hjelp og stønad. Kulturminneplanane er altså meint som aktive verktøy i tilskots- og vedlikehaldstenking både på lokalt og regionalt nivå. Gjennom arbeidet med kulturmiljøplanane vil kommunane få auka kunnskap om lokalhistoria og kvifor dei ulike kulturminna og kulturmiljøa skal takast vare på. Når innbyggjarane blir kjente med eigen historie og formidlar denne til andre, vil det skapast meirverdiar.

For areal-, plan- og byggesakshandsaminga vil ein med ein kulturmiljøplan tidlegare og enklare kunna ta omsyn til kulturminneverdiane. Ein kulturmiljøplan som er vedtatt politisk, vil gi føringar for korleis omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast i kommuneplanen sin arealdel. Den kan seia noko om bruk av areal og omsynssoner kring desse. I anna kommunal verksemd kan kulturminneplanen vera eit viktig bidrag til eigedsforvaltning, skule og undervisning, kultur, næring, samferdsle med meir. Ein god plan er resultat av ein god prosess og at den blir fylgt opp av brei handling i etterkant. (<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen-KIK/Hvorfor-boer-kommunen-ha-en-kulturminneplan>).

Overordna føringar for kulturminne/kulturmiljøfeltet

På nasjonalt nivå har me ei rekke føringar som gjeld forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Dette er retningsgivande for regionalt og kommunalt nivå når dei lager eigne planar og retningsline.

I stortingsmeldingar får me dei nasjonale måla for kulturmiljøpolitikken. Her kan ein nemna **«Meld.St.16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken»**. Det er her presentert tre nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken, - engasjement, berekraft og mangfald. I denne meldinga vart det viktig for regjeringa å gjera arbeidet med kulturmiljø til ein del av samfunnsutviklinga. Kulturmiljø blir sett på som sentralt for gode byar og tettstadar, trivsel og ikkje minst ein viktig del av det grøne skiftet og eit godt miljøvern (<https://www.riksantikvaren.no/stortingsmelding-vedtatt/>).

Lov om kulturminne (kulturminnelova) er det sentrale lovverket for beskyttelse av kulturminne og kulturmiljøa. Det sterkaste verkemiddelet er freding. Ein rekke faste kulturminne er freda direkte i loven (automatisk freda kulturminne). Det finnes og verkemiddel i den for å freda utalte kulturminne gjennom enkeltvedtak (vedtaksfreda kulturminne). Lause kulturminne og skipsfunn er også beskytta i loven. Kulturminnelova har særskilte paragrafar om blant anna saksbehandling, utførsels- og innførselsforbod, og kva konsekvensar brot på loven kan få.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) er det viktigaste verkemiddelet for kommunen med omsyn til samfunns- og arealplanlegging.

Kommunen kan sikra kulturminne, kulturmiljøa og landskap gjennom aktiv bruk av dei moglegheitene som loven gir. Både arealformål, føresegrer og omsynssoner er aktuelle tema. Plan- og bygningslova har ein plandel med

føresegner om oversiktsplanlegging, bindande arealplanlegging og konsekvensutredningar, og en bygningsdel med føresegner om søknadsplikt, kontroll og godkjenning av bygge- og anleggsarbeid.

Andre relevante lover og forskrifter er naturmangfaldlova, kyrkjelova, offentleglova osv. Les meir om lovverk og forskrifter på Riksantikvaren si nettside <https://www.riksantikvaren.no/les-om/lovverk/>.

På lokalt nivå er det særskilt viktig å sjå dei nasjonale og regionale føringane i samband med kommuneplanen sin arealdel- og samfunnsdel. I samband med arbeidet med ny kommuneplan i kommunen vår vert difor denne delplanen eit viktig dokument å arbeida vidare med inn i framtida.

Mål med lokal kulturmiljøplan

Hovudmålet med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er å styrkja kulturminnevernet i Austevoll. Dette kan gjerast ved å utarbeida ein plan som:

- gir oversikt over breidde i kulturminnetema i kommunen
- visar ei prioritert liste over utval av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- presenterar ein handlingsplan for å sikra kommunal forvaltning av kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa
- •sørgjer for at kulturminneplanen vert innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel med generelle føresegner jf. pbl § 11-9, arealføremål jf. pbl § 11-7, omsynssoner med retningslinjer og føresegn jf. pbl 11-8, og i tillegg forskrift om konsekvensutredning https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854/KAPITTEL_9#KAPITTEL_9

«Eit kulturminne er spora etter menneska som har levd før oss, deira liv og virke. Omgrepet kulturarv blir ofte nytta for både immaterielle og materielle kulturminne.»

<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/kulturminner-og-kulturmiljo/id1198/>

Delmål for arbeidet med kulturminneplanen i Austevoll er:

- å utarbeida kunnskapsgrunnlag om kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap til bruk i anna kommunal planlegging
- å identifisera effektive tiltak for å redusera tap av kulturminne
- å sikra ei betre og meir heilskapleg kulturminneforvaltning
- å etablera eit godt verktøy som kan forenkla og effektivisera kommunen sitt arbeid i plan- og byggesaker som vedkjem kulturminne-interesser
- bidra til formidling og bevisstgjerjing av Austevoll sine kulturminneverdiar
- skapa grunnlag for vidare kartlegging og registrering av kulturminne og kulturmiljø i Austevoll
- ta vare på kulturminne og kulturmiljø for kommande generasjonar
- jobba fram rutinar der ein registrerar og jobbar med tiltak for å førebyggja skadar klimaendringar kan/vil påføra lokale kulturminne og kulturmiljø.

Omgrep innan kulturminnevernet

Kulturminne kan definerast som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø. For Austevoll sin del betyr det at mykje i våre omgjevnadar er minne frå ei anna tid.

Kulturminnelova er klar på at me må ta vare på kulturminna og kulturmiljøa. Spørsmålet er korleis me skal ta vare på kulturminna frå fjern og nær fortid. Kulturminnelova og andre føringar kan gje oss ein peikepinn på korleis me skal gå fram. Kulturminneplanen vert difor eit viktig lokalt arbeidsdokument for forsvarleg lokal kulturminneforvaltning.

Materielle kulturminne vert gjerne delte inn i faste- og lause kulturminne.

Faste kulturminne er minne som er stadbundne og funne i sin opphavlege kontekst. Dette kan vera bygningar, buplassar, gravhaugar eller vegar. Døme på faste kulturminne i Austevoll er lokale bustadar og arkitektur, handelsstadar, sjøbruksmiljø, tekniske og industrielle kulturminne, krigsminne, kyrkjebygg, skule og organisasjonsbygg, samferdsle, gardsanlegg og utmarksverksemd.

Lause kulturminne er minne som ikkje er funne i si opphavlege kontekst, som kan flyttast på og som tilfeldig vert oppdaga ved funn eller ved utgravingar. Døme på lause kulturminne er mynt frå før 1650, ting (våpen, smykke, inventar m.v.) frå oldtida eller mellomalder. Andre lause kulturminne kan vera private eller offentlege samlingar av kulturhistoriske gjenstandar. Det kan vera ulike båt- og fartøystypar, reiskap frå fiskeri og havbruk, eller fotomateriale, skriftleg materiale og kunstgjenstandar av lokalhistorisk verdi.

Immaterielle kulturminne er «usynlege» minne som kan fortelja oss om til dømes tru, tradisjon, handverk, song, musikk og dans. I Austevoll finn me ein rikhaldig immateriell kulturarv knytt til dialekt, song, og handverkstradisjonar knytt til mellom anna båtbygging.

Kulturmiljø. Når kulturminna utgjer del av ein større heilskap eller samanheng, vert det kalla eit kulturmiljø. Kulturmiljøa kan vera eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bueiningar. I Austevoll finn me kulturmiljø i til dømes handels- og gjestgjevarstadane, i dei ulike bygdene, og ved sjøen der naust, båt og bruk er sentrale kulturelement.

Kulturlandskap. Kulturlandskap er landskap som heilt eller delvis er blitt omforma frå opphavleg naturtilstand på grunn av menneske si verksemd. Omgrepet omfattar alle typar landskap, som jordbrukslandskap, industrilandskap, kystlandskap, bylandskap og fjellandskap. I Austevoll finn me kystlandskap prega av naturtilhøva og driftsforma her på kysten. Ein sentral aktør i utforminga av kystlandskapet her på øyane er framleis villsauen.

KULTURMINNELOVEN

§ 2. Kulturminner og kulturmiljøer – definisjoner.

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.

Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.

Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

Ulike vernekategoriar

Automatisk freda kulturminne

Dette gjeld både materielle- og immaterielle kulturminne. Alle kulturminne frå tida før reformasjonen (1537) er automatisk freda. Vidare er alle ståande byggverk oppførte mellom 1537 og 1649, skipsfunn og samiske kulturminne eldre enn 100 år, rekna som automatisk freda.

Midlertidig freding kan ein vedta som straksvedtak dersom eit kulturminne er trua eller utsett for fare, eller om ein vil evaluera eit kulturminne med tanke på permanent freding.

Freding er det sterkaste juridiske verkemiddelet i kulturminnevernet, og skal sikra langsiktig vern av kulturminne av nasjonal verdi. Automatisk freda kulturminne kan berre frigjevast av Riksantikvaren.

Om funn, gjenstandar eller konstruksjonar blir oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeidet stoppast med ein gong. Fylkeskonservator skal underrettast med ein gong. Jfr Lov om kulturminne

Vedtaksfreda kulturminne

I enkelte tilfelle blir det gjort vedtak om å vedtaksfreda yngre kulturminne og miljø, slik at til dømes eit område rundt eit eldre kulturminne blir sett i ein større samanheng enn det automatisk freda enkeltobjektet. Dette kan og gjelda yngre enkeltobjekt. Vedtaksfreding vert gjort av Riksantikvaren. Dette krev ein høyringsprosess og eit vedtak. I denne type fredingsprosess vert faglege kriterium vektlagde. Desse kriteria er representativitet, autentisitet, tilstanden til kulturminnet, arkitektonisk kvalitet, symbol, bruk og miljø. Det må søkast om løyve til gjennomføring av alle tiltak som på ein eller annan måte kan forandra eit freda kulturminne.

Freding etter kulturminnelova blir brukt for å sikra kulturminne eller kulturmiljø av nasjonal verdi.

Verneverdige kulturminne

Mange kulturminne er verdfulle for kommunen, sjølv om dei ikkje er freda. Desse kulturminna kan vernast ved omsynssone for ivaretaking i kommuneplanen eller ein reguleringsplan. Når eit kulturminne er verna (jfr. kategori A,B og C), har det ein formell vernestatus og kan ikkje utan vidare rivast eller endrast. Skiljet mellom freding og vern er, at det eine er lovvedtak og det andre er vedtak av omsynssone, og/eller ein vedteken kulturminneplan med innhald.

Omsynssone

Omsynssone er eit avgrensa område i ein kommuneplan eller reguleringsplan der det skal taksast spesielle omsyn, og der det blir gitt retningslinjer. Plan- og bygningslova gir høve til å definera ei omsynssone på eit objekt, t.d. ein bygning, eller avsetta eit område med tanke på å ivareta naturmiljø eller kulturmiljø. Regulering med omsynssone kan brukast for å ta spesielle omsyn til objekt og miljø som er verdfulle lokalt og regionalt.

Listeførte kyrkjer

I Austevoll har me ingen listeførte kyrkjer. Dei listeførte kyrkjene er bygde før 1850, eller valt ut av ulike andre årsaker. Kyrkjer bygde før 1650 er i tillegg automatisk freda. Kyrkjerundskrivet har reglar for forvaltning av listeførte og andre kyrkjer med lokal kulturminneverdi. I rundskrivet vert det vist til innhaldet i plan- og bygningslova som gir kommunane høve til å ta vare på/sikra verneverdige kyrker i plansamanheng. Blant anna gjer § 12-5 nr. 5 det

mogleg å regulera til kulturmiljø og kulturminne, og § 12-7 nr. 6 opnar for å vedta vern.

(<https://www.regjeringen.no/contentassets/00d635cb742944b2a7a441ea7f20635a/rundskriv-q-06-2020-1.pdf>)

Aktørar innan ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø

Statlege myndigheiter sitt ansvar

Riksantikvaren sorterer under Klima- og Miljødepartementet, og er det direktoratet som har nasjonalt fagleg ansvar for kulturminnevernet.

Riksantikvaren skal:

utøva den nasjonale kulturminnepolitikken som er vedteken av Stortinget og regjeringa

vera rådgivar for departementet i alle saker som gjeld kulturminne og kulturmiljøa

ha fullmakt til å freda faste og flytande kulturminne gjennom enkeltvedtak eller forskrift

i kommunale plansaker kunna stoppa planar ved «innsigelse» om nasjonale kulturminne-interesser er trua

Riksantikvaren har ansvar for www.asketadden.no og miljøovervåkingsprogrammet knytt til SEFRAX. Her undersøker og registrerer dei tap, endringar og tilstand på bygningar frå før 1900 (sjå www.miljostatus.no)

Fylkeskommunen

Vestland fylkeskommune skal bidra til å forvalta den nasjonale og regionale kulturarven vår i eit langsiktig perspektiv. Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gje fråsegn til tiltak som gjeld:

- forvalting av automatisk freda kulturminne
 - å førebu freding av bygningar/bygningssmiljø og kulturminne
 - samarbeid med kommunane om forvalting av kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi
- Dette kan vera høyringsuttaler til planar, dispensasjonssaker og meldingar om tiltak frå kommunar, andre offentlege instansar og private aktørar.

Kommunen

Austevoll kommune sin planstrategi for 2020 – 2024 seier at kommunen skal gjere historisk kultur og kulturmiljø meir synleg i kvardagen. Kommunen har og ansvar for å forvalta kulturminne og kulturmiljøa i sitt planarbeid gjennom Plan- og bygningslova og kulturminnelova.

Austevoll kommune har difor ei nøkkelrolle:

Kommunen må sikra kulturminne i eigen kommune. Gjennom samfunns- og arealplanlegging er Plan og bygningslova det viktigaste verkemiddelet.

Kommunen kan stilla krav til konsekvensutgreiing der tiltak kjem i konflikt med kulturminne. Jfr. Forskrift om konsekvensutredning:

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854/KAPITTEL_9#KAPITTEL_9

Kommunen har eit spesielt ansvar for kulturminne av lokal verdi, og kan sjølv velja å sikra kulturminne som er viktige for lokalsamfunnet, sjølv om dei ikkje vurderast til å ha regional eller nasjonal verdi.

«Det stillast krav om dokumentasjon på at nye tiltak ikkje skiplar verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og dersom konflikt med kulturminne, skal saka leggjast fram for regional kulturvernmynde. Det er krav om reguleringsplan i område med kulturminne»

(Austevoll kommune. Føresegner og

Ved at viktige kulturminne «settes på kartet» skal kommunen kontrollere at verneverdige og freda kulturminne ikkje blir rivne eller endra utan at det har vore mogleg for fagmyndigheitene å uttala seg.

Kommunen skal også passa på at ikkje kulturminna sine omgjevnadar blir øydelagde, at ein ikkje byggjer for nær eit fornminne og at nybygg harmonerer med eldre verneverdige bygningsmiljø.

Ei av dei viktigaste oppgåvene kommunen har er å formidla og leggja til rette for oppleving av kulturminne i Austevoll. Kommunen har ansvar for forvaltning av kulturminne frå nyare tid som ikkje er freda, og for eventuelle freda og verneverdige bygg i kommunen sitt eige.

Musea

Universitetsmusea og sjøfartsmusea har ansvar for arkeologiske utgravingsarbeid og marinarkeologi. For Austevoll er dette Universitetsmuseet/UIB og Sjøfartsmuseet i Bergen. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har ansvar for arkeologiske utgravningar frå mellomalderen.

Lause kulturminne som er frå tida etter 1537, vert forvalta av andre museum. Austevoll sorterer under Sunnhordland Museum på Leivik, Stord. Dette museet har ansvar for fagleg bygningsantikvarisk bistand, innsamling, restaurering og formidling av gjenstandar og for dokumentasjon av immateriell kulturarv.

Private eigarar sitt ansvar

Dei fleste kulturminna er i privat eige. Eigaren sin vilje, kompetanse, økonomi og erfaring er avgjerande for at kulturminnet og kulturmiljøet skal bli tatt vare på og brukt på ein berekraftig måte. Det er offentlege og private støtteordningar som kan bidra fagleg og økonomisk i dette arbeidet, men ansvaret for å ta vare på, rett restaurering og hovudfinansiering ligg på dei som eig kulturminna. Det er eit stort og viktig samfunnsansvar.

Frivillige organisasjonar i lokalmiljøet

Mange frivillige organisasjonar og velforeiningar som til dømes Austevoll Historielag, Austevoll Kyst- og sogelag, Selbjørn Fiskerisogelag, Austevoll Turlag, representantar frå idrettslag og velforeiningar, kan ta ansvar for kulturminne ved å øva press i kulturminnesaker, og engasjera seg for ivaretaking i enkeltsaker. Fleire organisasjonar har og tatt på seg ansvar for vedlikehald, skilting, dokumentasjon eller andre formidlings-, innsamlings- og sikringstiltak.

Samarbeid med skular er viktig for å opparbeida forståing og byggja identitet hos dei unge. Gjennom åra har elevar tatt del i ulike prosjekt knytt til lokal kulturarv.

Rydd eit kulturminne

Norsk kulturarv driv aksjonen «Rydd et kulturminne» Dei tilbyr skoler, barnehagar og idrettslag stipend på kr 4.000,- for å rydde og gjøre det tilgjengelig omkring et kulturminne i sitt nærmiljø. Formålet er at dette skal bygge bevissthet om lokale kulturminner og gjøre barn og unge stolte over sitt nærmiljø

Søknadsskjema finn ein på
<https://www.miljolare.no/aktiviteter/kulturminner/rydding/>


Registrering av kulturminne i Austevoll

Registrering av kulturminne i SEFRAK-registeret, Askeladden og Kulturminnesøk er kjelder til kunnskap om kulturminne. SEFRAK-registeret (Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er landsdekkande og visar eldre bygg i Norge, oppført før 1900-talet. Det at ein bygning står lista i SEFRAK, gir den ikkje automatisk vern, men indikerer at den kan vera av kulturhistorisk verdi. Austevoll har få kulturminne registrert i SEFRAK-registeret. Det er i dag heller ikkje oversikt over tilstanden til dei kulturminna som vart registrert i dette registeret på 1980-talet.

I dag nyttar kommunar og andre kulturminnedatabasen Askeladden. «Dette er ein nasjonal database med oversyn over kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminneloven, verna etter Plan- og bygningsloven eller vurdert som verneverdige i ein kommunal kulturminneplan. Askeladden vert brukt av kulturminne-forvaltning, i plan- og byggesaksforvaltning, av forskarar og konsulentar. Askeladden utvekslar data gjennom Norge digitalt. Informasjon som vert lagt i Askeladden, vil og vera synleg i Kulturminnesøk. Kulturminnesøk er ein open publikumsløysning der alle kan legge inn informasjon om kulturminne»

<https://www.riksantikvaren.no/veileder/kommunalt-verneverdige-kulturminner-i-askeladden/>

I Austevoll har ein starta på arbeidet med å leggja ulike kategoriar kulturminne inn på databasen Askeladden. Dette er tenkt som eit kontinuerleg arbeid i kommande år. Kulturminneplanen skal vera tett knytt til denne databasen, og blir såleis eit reiskap for forvaltning og vern av kulturminne i Austevoll. Gjennom www.kulturminnsok.no kan folk flest leggja inn kulturminne. Det er eit viktig bidrag til heilskapleg registrering og dokumentasjon av kulturminne i Austevoll.



Kvifor ta vare på kulturminne?

Som leietråd i arbeidet med kulturminneplanen som vart vedtatt i 2016, vart det sagt at kulturminna er ei kjelde til kunnskap, oppleving og identitet. Kulturminne kan og vera ei kjelde til brei verdiskaping. Ein må tenkja heilskapleg, og at ein må arbeida med feltet ut frå fleire vinklingar. God heilskapleg kvalitetstenking omkring kulturminne vil gje ringverknadar. Ein tenkjer då ikkje berre verdier som pengar og økonomisk utbytte, men kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegging, som identitetsmarkørar for innbyggjarane, for næringsliv/reiseliv og for regionen og nasjonen.

For å skapa grunnlag for ringverknadar, må ein tenkja heilskap og kvalitet, og sjå at ulike faktorar må liggja til grunn for vidare arbeid og suksess på feltet. Kulturminna er unike og uerstattelege om dei blir borte.

Rapporten til Menon Economics visar at område med høg tettleik med kulturminne, som gamlebyen i Fredrikstad og i verneverdige område i Oslo, aukar bustadverdien rundt desse områda med 4 - 5 prosent.

Turisme og kulturminne skapar positiv verdiskaping og næringseffekt. I Henningsvær, som reknast som det fiskeværer som er best tatt vare på i Norge, seier rapporten at kulturmiljøturistane står for nesten halvparten av verdiskapinga i reiselivet. Kulturmiljøturisme står og for rundt 20 prosent av sysselsettinga på staden.

Det siste året har me opplevd koronapandemi og fokus på Norgesferie. Ei undersøking Norstat har utført for Riksantikvaren hausten 2020, viste at kulturminne er vel så viktig som naturopplevingar på norgesferien.

I undersøkinga seier 73 prosent av dei spurte at dei er godt nøgde med Norge som sitt næraste ferieland. Heile 57 prosent av dei som har vitja kulturminne, seier at dei er svært nøgde med ferien sin. Til samanlikning seier 46 prosent av dei som prioriterte naturopplevingar, at dei er svært nøgde.

Eit anna funn i undersøkinga er at 27 prosent av dei yngste respondentane melder om auka interesse for kulturminne i 2020. Kulturminne blir også viktigare når vi planlegg sommarferien i 2022. Dette gjeld særleg for aldersgruppene mellom 18 og 29 år og dei som er over 60 år (<https://www.riksantikvaren.no/siste-nytt/pressemeldinger/kulturminner-er-ferievinner/>).

Utfordringar og målsettingar i det lokale kulturminnearbeidet

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av grunnlaget for å forstå oss sjølve og samfunnet. Kunnskapen om desse gjer heimstaden vår særskild for den einskilde, og unik i ein større samanheng.

Å ta vare på alle spor etter menneske si verksemd, er umogleg. Ein lyt difor gjera eit utval.

VERDIEN AV KULTURARV OG BETALINGSVILLIGHET

Menon Economics gjorde på oppdrag av Riksantikvaren studier i Oslo, Gamlebyen i Fredrikstad, Røros og Henningsvær. Undersøkelsen gikk ut på å kunne si noe om den samfunnsøkonomiske nytten av vår kulturarv. Er befolkningen betalingsvillig for å bo i en verneverdig bolig, eller i områder med høy tetthet av kulturminner? Gir kulturmiljø nettoinntekter for lokalt næringsliv som turisme og andre aktiviteter relatert til kulturmiljø?

Undersøkelsen viste at er høyere betalingsvillighet for å bo i verneverdige boliger enn i sammenlignbare boliger som ikke er verneverdige. Verdien av å bo i nabolag med høy tetthet av kulturminner er høyere enn selv å bo i en verneverdig bolig. Vi finner også positiv betalingsvillighet for å bo i et kulturmiljø og å bo i nærheten av et kulturmiljø, sammenlignet med bo i områder uten påvirkning fra kulturmiljøet. Videre viser studien at kulturmiljøer bidrar til økt velferd i lokalsamfunn i form av økt sysselsetting og verdiskaping, blant annet gjennom turisme.

Sjå rapport på <https://www.menon.no/wp-content/uploads/2017-72-Verdien-av-kulturarv-1.pdf>

Det som vert vektlagt som verneverdig, bør samla gje eit representativt bilete av menneske sitt liv og virke. Det er viktig at kulturminna vert sett på som ein ressurs for vår tid, og som ein ressurs vi forvaltar på vegne av framtida. Ein må gjera val ut frå kva vi i vår tid vurderar som viktig å ta vare på. Når eit kulturminne er borte, kan ein aldri få det att. Det er opp til kommunen å avgjera kva som er viktige kulturminne når det gjeld lokal verdi. Utover det kan kulturminne også ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vera på eit internasjonalt nivå. Dokumentasjon, vern, forvaltning, bruk og verdiskaping er sentrale element i arbeidet med kulturminneplanen. Kulturminna i Austevoll kommune er under press både når det gjeld arealbruk, folketalsvekst og synet på og kunnskapen om kulturminna sin verdi og eigenart. I kommuneplanen er visjonen å vera ein «ja-kommune». Korleis skal vi kunna behalda Austevoll sin historie og identitet i ei framtid med utvikling på områda bustadbygging, vegplanlegging, industriutvikling og folkevekst? Kulturminnevernet støytar på utfordringar og dilemma også i møte med andre samfunnsinteresser, og i spennet mellom vern og utvikling.

«Kommunene kan sette kulturarven inn i en areal- og samfunnsmessig sammenheng slik at den blir et aktivum i lokalsamfunnet og gi verdiskaping med ringvirkninger langt ut over kommunens grenser.»

<http://www.riksantikvaren.no/index>.

Hovudutfordringar for kulturminnevernet i Austevoll er:

- Tap av bygningar og kulturmiljø
- Mangel på dokumentasjon (heilskapleg Sefrak/Askeladden-registrering og/eller andre bygnings- og kulturmiljø registreringar)
- Mangel på antikvarisk/kulturhistorisk verdsetting/konsekvensutgreiing i offentleg plan- og tiltaksarbeid

Nye tider gjer at gamle bygningar av kulturhistorisk verdi mister sin funksjon og kan forsvinna heilt. Bustadhus, naust, løer, smier og torvhus blir ståande tomme og forfell. Bygningar som har vore viktige for Austevoll sin historiske identitet blir borte. I Austevoll har me «berre» ein SEFRAK rapport frå delar av Selbjørn frå 1991 (280 objekt), registrering av sjøbruksmiljø i 1989 (24 område) og handels- og gjestgivarstader frå 1973 (5 miljø). Det er i dag usikkert korleis status for desse registrerte kulturminna og kulturmiljøa er. Hufthamartunet vart oppmålt og tilstandsvurdert i 2012. I seinare tid er det gjort ein del landsomfattande registreringar mellom anna av kyrkjer, kyrkjegardar, gravsteinar osv. Dette inkluderer og Austevoll. Våre lokale kyrkjebygg er fotograferte og skildra, men ikkje målte opp etter antikvariske retningslinjer. Gravsteinar og minnestøtter vart registrerte som del av eit landsomfattande registreringsarbeid. Ein kan her visa til www.kirkesok.no og www.disnorge.no/gravminner.

Av lokalt kulturhistorisk gjenstandsmateriale var det ein gjennomgang og registrering av nokre av gjenstandane på Hufthamartunet i 1996.

Mange stadnamn er samla inn og kartfesta i fleire omgangar i Austevoll. Dette er eit rikt historisk materiale som no vert nytta i samband med skilting av vegar og stadar i Austevoll. Materialet er å finna på <http://kartverket.no/Kart/Stedsnavn/>, <http://clu.uni.no/stadnamn/cgi-bin/lydkart/stadnamn-kart-lyd.py> og <http://www.bergensregionkart.no/>.

Alt materialet er godt for si tid, og gir gode opplysningar om enkelte objekt og kulturmiljø. Utfordringa er at mykje av materialet er gammalt. Det er i dag usikkert om desse bygningane og miljøa eksisterer eller er i den forfatning som dei var i den gongen dei vart registrerte. For å få kunnskap om kulturminne og kulturmiljø til formidling, kommunal planlegging og anna bruk, bør ein prioritera nye registreringar knytte til kulturhistoriske tema og/eller kulturmiljø og område.

I kulturminneplanen si fyrste utgåve vart eit utval av kulturminne lista opp. Denne lista vert kalla kommunalt listeførte kulturminne. Meininga med denne opplistinga var å bli merksam på dei ulike kulturminna generelt sett, og at ein i plan- og byggjesaker fekk ein peikepinn på kva kulturminneverdiar ein måtte ta omsyn til. Delar av denne lista som gjeld faste kulturminne, er og vil bli lagt inn på kulturminneportalen www.asketadden.no.

Målet er at ein etterkvart skal få lagt inn det meste av faste kulturminne og kulturmiljø. Det er og naudsynt å verdsetja dei enkelte kulturminna og kulturmiljøa. Dokumentasjon og registrering av kulturminne vil difor bli eit pågåande arbeid i Austevoll i kommande år.



På www.kulturminnesok.no, www.asketadden.no og www.miljoatlas.no finn ein kartfesta registrerte kulturminne i Austevoll. Her er eit kulturminnekart henta frå www.miljoatlas.no

Vedlikehald av verneverdige bygg og anlegg

I Austevoll har ein ikkje hatt ei lokal rettleiingsteneste når det gjeld restaurering og vedlikehald av eldre hus og anlegg. Kulturminne i privat eige er avhengig av eigaren si interesse, kompetanse, erfaring og økonomisk handlingsrom. Ein eigar kan velja å ikkje vedlikehalda ein verneverdig bygning, eller eigar kan modernisera etter krav i tida og syn på estetikk. Kva ansvar og kompetanse har kommunen på dette området? Korleis kan kommunen gå meir aktivt inn med antikvarisk kompetanse og formidling av tilskotsordningar til offentlege og private eigarar av kulturminna? Kan antikvarisk rettleiing gje auka økonomisk verdi på bygg, anlegg og omkringliggande kulturmiljø? Frå juni 2021 vart det tilsett ein kulturminnekonsulent i 20% stilling. Målet med denne stillinga er at ein på sikt kan bidra med denne type konsultasjon, i samarbeid med fylket, museum og landbrukskontor (jfr. SMIL-ordninga).

Universell utforming

I møte med moderne tekniske krav og forskrifter må ein søkja å finna tilpassa løysningar i eit unikt kulturmiljø. Korleis kan ein lokalt møta krav om universell utforming utan å redusera den antikvariske verdien av verneverdige bygningar og kulturmiljø?

Energi og miljøomsyn

Omsyn til energisparing vil framover og bli sterkare i høve til verneverdig og eldre bygningsmasse. Miljøomsyn skal vega sterkt, men kan komma i konflikt med til dømes gamle uisolerte vindauga og byggemateriale. Kven skal huseigar rådføra seg med? Korleis kan ein lokalt bidra med kunnskap og ekspertise på dette området?

Areal og tettstadsutvikling

Det er politisk vedtatt i Austevoll kommune å byggja tettare i dei eksisterande tettstadsområda. I enkelte område framstår tettstadane som tidstypiske og heilskaplege, bygd i samband med aktivitetar knytt til sjø og fiskeri. I andre område påverkar nybygg og nyetableringar dei eksisterande bustadområda. Arkitektoniske og kultur-historiske verdiar har i fleire tilfelle stått i vegen for det nye. Kva gjer ein i slike tilfelle? Kan eksisterande eldre bygg og anlegg bli ein spennande del av ein ny heilskap? Bør verdfull kulturhistorisk bygningsmasse flyttast til nye område? Kan lokale kulturhistoriske konsekvensutgreiingar gje eit nytt syn på «den gamle skiten»? Er områderegulering og omsynssoner vegen å gå for å sikra unik bygningsmasse og miljø?

Vegplanlegging

Debatten om nye vegar og bruer i kommunen er eit tema det vil bli meir trykk på i åra som kjem. Kvar skal vegar gå? Kva kulturhistoriske og vernemessige omsyn skal ein ta med i planlegginga? Vegplanlegging kan verta spesielt utfordrande, då det og er etatar utanfor Austevoll kommune som set premissar og krav.

Attgroing og klimaendringar

Kulturlandskap gror att fordi det ikkje blir brukt som beitemark. Eit våtare klima og manglande vedlikehald av elveleie, vegar, grøfter og steingardar, gjer at mange kulturminne blir meir utsette for skadar og blir øydelagde.

Utbygging i strandsona og i utmarka

Strandsona og utmarka er under press. I strandsona finn ein bygningar og miljø som er viktige delar av vår kystkulturarv. Sjøen var ferdselsveg og gav livsgrunnlag. Dette ser me att langs sjøen i Austevoll. Me finn handelsstadar, sjøhus, nothengjer og saltebuer. Kvart år forsvinn delar av denne kulturarven. Kva har me eigentleg att, og kva vil me ta vare på for ettertida?

I utmarka finn me restar etter bygg som i dag kan synast uviktige og utan funksjon. Bør ein ta vare på bygg som fortel ein kulturhistorie om torvuttak, utmarksslått, og steingardar brukt til stølsdrift i utmarka. Kva med ørnehytter, kverner og sager? Eit stort og rikt mangfald er under press. Kva er vegen vidare for dei lokale kulturminna?

Kulturminne og klimatilpassing

“Stigende havnivå, økte stormflommål og økt kysterosjon er en trussel for kystnær bebyggelse i utsatte områder. Mer regn og økt fuktighet vil føre til mer råte og soppvekst. Alle bygningsmaterialer er utsatt for nedbrytning over tid, og klimaforhold er avgjørende for hvor hurtig dette vil foregå. De fleste materialer brytes raskere ned i et varmere og fuktigere klima” (<https://www.riksantikvaren.no/tilpasning-til-et-klima-i-ending/>).

Her i Austevoll må ein ta høgde for at endra klima vil ha innverknad på bygg og anlegg knytt til fiskeri og anna sjørelatert verksemd. I samband med registreringar på databasen Askeladden, må ein i denne revideringa av kulturminneplanen ha som mål at ein i kommande arbeidsperiode fokuserar på ein hasteplan for registrering av naust, buer og sjøhus mm.

Forvaltning av kulturminne i lokal offentlig regi

For at ein ikkje skal gløyma historia til Austevoll og austevollingen gjennom tidene, så ser me at det er trong for å systematisk registrera kulturminne som visar ulike delar av historia og folk sitt virke her ute i øyriket. Austevoll kommune er i rask endring, og det er difor viktig at ein tek seg tid og råd til å sjå seg attende. Det er stor trong for å registrera og dokumentera kulturminne som står i fare for å gå tapt. Ein god og oversiktleg kulturminneplan som reviderast kvart fjerde år, er ein viktig ressurs i det å arbeida med forståinga av vår eigen historie, forvaltning og formidling av lokalhistorisk kunnskap til framtidige generasjonar i Austevoll.

I den fyrste kulturminneplanen for Austevoll var registrering av kulturminne eit viktig mål i handlingsplanen. Som nemnd før manglar Austevoll ein heilskapleg SEFRAK-registrering. Det er gjort ein del arbeid på dette feltet etter kulturminneplanen vart vedtatt. Desse registreringane ligg på www.asketadden.no og www.kulturminnesok.no. Dette arbeidet må fortsetja i kommande planperiode, for å sikra dokumentasjon og verdisetta dei ulike kulturminna. Erfaring innan dette feltet visar at god dokumentasjon gir høve til god forvaltning av dei ulike lokale kulturminna. I dag er det avdeling for oppvekst- og kultur og plan- og byggesak som har ansvar for Austevoll kommune si kulturminneforvaltning. I politiske saker er det plan- og byggesaksutval og tenesteutval som tek politiske avgjerder knytt til kulturminneforvaltninga.

Frå juni 2021 er det etablert ein eigen fast stilling (20%) knytt til kulturminneforvaltning i Austevoll kommune. Gjennom denne stillinga vil ein sikra kontinuitet i arbeidet med å forvalta kulturminne.

Eit anna tiltak, for å setja meir fokus på god kulturminneforvaltning, kan vera å etablere eit kulturminneteam. Dette teamet må ha kompetanse til å vurdere kulturminneverdiar, gje råd til eigarar og dokumentera kulturminne. Gjennom den fast tilsette og kulturminneteamet kan kommunen samarbeida med grunneigarar som vil ta vare på kulturminne for ettertida på ein heilskapleg måte.

Kommunen vil og bidra til god kulturminneforvaltning ved å henta inn fagpersonar der det trengs. Gjennom faglege støttespelarar kan private eigarar eller lag som vil gjennomføra kulturminneprosjekt, skaffa seg grunnlag for gode søknadar til fylkeskommunen, kulturminnefondet eller andre aktørar. Austevoll kommune vil vera ein støttespelar for dei som vil søkja kulturminnemidlar.

Faste kulturminne som får støtte frå det offentlig, vil få ein vernestatus med omsynssone. Dette er eit mildt vern som gjer at grunneigar må diskutera med lokal kulturminneforvaltning om dei vurderer å riva eller gjera endringar med kulturminnet. Legg ein omsynssone rundt eit kulturminne, kan det vera ein fordel i søkjeprosessen om eksterne midlar.

Kommunen sine registreringar i ASKELOADDEN gir oversikt over ein del av kulturminna i kommunen. Alle dei registrerte kulturminna i denne portalen er å rekna som verneverdige i lokal og regional samanheng, sjå Veileder Kommunalt verneverdige kulturminner i Askeladden.

(file:///C:/Users/akkrma/Downloads/Kommunalt_verneverdige_kulturminner_i_Askeladden-1.pdf).

Ved endringar på desse kulturminna skal kulturminneansvarleg i kommunen ha melding og gje ein uttale i saka.

Vern gjennom bruk og motiverte private eigarar

Kulturminne og kulturmiljø vert i dag fyrst og fremst redda og tatt vare på av motiverte eigarar, frivillige lag og ei løysingsorientert forvalting. Stadig færre kulturmiljø blir redda av berre å nytta paragrafar. Offentleg forvalting legg opp til eit samarbeid med private for å redda verdfull kulturarv gjennom vern og bruk.

«Et kulturminne i aktiv bruk er mer nyttig enn et som står ubrukt. Flere av de tidligere forfalte kulturminnene har i dag en funksjon i næringsvirksomhet som overnattingssted, restaurant eller kafé, museer og til utstillinger. Denne nytten er først og fremst viktig for eieren. Bruken fører ofte til en økonomisk verdiskaping som gir eieren et bedre grunnlag for å ta vare på kulturminnet, men det er også til nytte for besøkende eller de som liker å vite at våre kulturminner tas vare på.» (<https://www.kulturarv.no/vern-gjennom-aktiv-bruk>)

Kulturminnefondet er ein av dei viktige aktørane når det gjeld tilskot til å ta vare på private kulturminne i Norge. Dei seier at tilskota til private kulturminneprosjekt har auka dei siste åra, og at dette har gitt synergieffektar til meir ivaretaking og bruk av kulturminne og kulturmiljø i Norge (<https://kulturminnefondet.no/15-ar-med-vern-og-bruk/>).

For Austevoll sin del ser ein at det er heilt naudsynt at det offentlege og private har eit godt og kulturminnefagleg samarbeid for å verna kulturminne, slik at det vert god og føremålstenleg bruk.

Formidling av kulturminne og kulturmiljø

Engasjementet rundt formidling av lokale kulturminne ser ein tydeleg når lokale reiselivsaktørar marknadsfører Austevoll. I turistbrosjyrane lokkar lokale aktørar med kulturlandskap, bygg og miljø som visar Austevoll si tilknytning til sjøen gjennom hundreåra.

Kommunen vil bli ein klarare pådrivar for å gjera historia knytt til kulturminne og kulturmiljø kjent for innbyggjarar og turistar. Dette vil ein gjera gjennom å leggja til rette for samarbeid mellom grunneigarar, reiselivsaktørar, lag og skulane i kommunane.

Gjennom å skapa rom for samarbeid om formidlinga, vil ein oppnå meir stoltheit for lokalmiljøet og større forståing for å ta vare på naust, utmarksløer, bustadhus og kulturmiljø i kommunen vår. I formidlingssamanheng kan kommunen mellom anna vera ein koordinator for igangsetting, og den som har kunnskap om støtteordningar for å finansiera dei ulike prosjekta. Kommunen kan etter kvart byggja opp ein «idébank» som kan nyttast av aktørar innan kulturminneformidlinga. Kommunen si heimeside kan nyttast meir aktivt i slik samanheng.

Tilskot og økonomiske støtteordningar

Det finns mange ulike støtteordningar som private eigarar eller offentleg forvaltarar kan søkja på.

Austevoll kommune har ein eigen pott som er knytt til spesifikke punkt i kulturminneplanen. Tilskot kan gjevast til dokumentasjon- og verdsettingsarbeid, fotoinnsamling, skilting og betring av tilgangen til kulturminna i kommunen.

Sjå eigen søknadsfrist <https://www.austevoll.kommune.no/tenester/idrett-kultur-og-fritid/tilskotsordningar/sok-eksternt-tilskot-til-kulturarbeid/>

Regionale tilskot i regi av Vestland fylke er å finna på <https://www.vestlandfylke.no/tilskot/>.

Tilskot til kulturarv er knytt til ulike kategoriar av kulturminne, automatisk freda og/eller nyare tids kulturminne. Tilskot til verna kulturminne vert no i sterkare grad knytt til om kommunen har registrert desse i kulturminne-databasen askeladden, og dermed gitt kulturminnet ein vernestatus. Tilskot skal i første rekke nyttast til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg. Tilskot kan og nyttast til andre tiltak i handlingsplanen som høyrer til kulturminneplanen, som kurs og formidling. Sjå andre tilskotsordningar og søknadsfristar på <https://www.vestlandfylke.no/tilskot/>

Riksantikvaren har eigne midlar ein kan søkja på til tiltak som istandsetting, sikring og skjøtsel.

Sjå tilskot til freda bygg, fartøy, fagutvikling i fartøyvernet, brannsikring i tett trehusmiljø osv på <https://www.riksantikvaren.no/les-om/tilskudd/>

Kulturminnefondet er ein statleg tilskotsordning og eit lågterskeltilbod for private eigarar av verneverdige kulturminne. Frivillige lag og organisasjonar, enten dei eig kulturminne sjølv eller forvaltar dei på vegne av andre, kan søkja. Kulturminnefondet gir økonomisk støtte til å ta vare på verneverdige kulturminne som bygningar, bustadar, båtar, hageanlegg og kulturlandskap. Kulturminnefondet har ingen søknadsfrist, men tek fortløpande imot søknadar.

Ein må vera obs på at tilskot ofte krev at ein går inn med ein viss prosent eigenandel. Sjå søknadskriterium den enkelte aktør set for eigenandel.

SMIL-midlar er tilskotsordninga «spesielle miljøtiltak i jordbruket». For Austevoll sin del er det Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK) som forvaltar desse tilskota. Tilskota er retta mot kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket. Her kan nemnast restaurering av bygningar knytt til den tradisjonelle kystgarden. Restaurering av steingardar og andre kulturminne er og eit prioritert område. Sjå meir info på Stord og Fitjar landbruks- og miljøkontor sin tiltaksstrategi for Austevoll. Tiltaksstrategiar for tilskotsordninga SMIL for Austevoll kommune 2020 - 2023 er å finna på [file:///C:/Users/akkrma/Downloads/Tiltaksstrategi-Austevoll-Smil-2020%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/akkrma/Downloads/Tiltaksstrategi-Austevoll-Smil-2020%20(1).pdf)

Fortidsminneforeninga har ulike tilskotsordningar. Sjå meir info på <https://fortidsminneforeningen.no/bygningsvern/kulturminner-for-alle/sok-penger/>

Gjensidigestiftelsen er Norges største finansstiftelse som delar ut [støtte til samfunnsnyttige føremål](#). Eit lag eller organisasjon i lokalmiljøet kan søkja støtte til kulturminneprosjekt av allmenn interesse. Sjå meir info på <https://www.gjensidigestiftelsen.no/om-gjensidigestiftelsen/>

Norsk kulturarv driv aksjonen «Rydd et kulturminne». Her kan mellom anna skular og barnehagar få tilskot for å rydda og gjera kulturminne brukarvenlege. Søknadsskjema finn ein på <https://www.miljolare.no/aktiviteter/kulturminner/rydding/>

Sparebanken Vest har årlege tildelingar av fondsmidlar. Desse går til frivillige lag og organisasjonar som jobbar mellom anna innan kulturminnefeltet. Sjå meir info på www.spv.no

DEL 2

LOKAL HISTORIE, LOKALE KULTURMINNE OG KULTURMILJØ



Samson sine murar på Stolmen. Ein verdi for framtida? Foto: Lena Eikeland Kutschera



Hufthamartunet. Foto: Hordaland fylkeskommune v/Ann Steindal

Austevoll frå fortid mot framtid – lokalhistorisk kortversjon

Alle kulturminne og kulturmiljø er minne frå fortida. Dei handlar om menneske si livsform og livsvilkår. Ulike lausfunn i Austevoll vitnar om busettingar som kan daterast meir enn 10.000 år attende i tid. Berre på Stolmen er det registrert over 30 plassar med steinalderfunn. Vidare finn ein i Austevoll gravhaugar frå bronsealder, jernalder og vikingtid. Eit par av vikinggravene vart opna på 1900-talet, blant dei ei kvinnegrav på Taranger på Hundvåkøy i 1910. I denne grava vart det gjort funn av vevskei, sauesaks, sigd, nøkkel, oval bronsespenne, snellehjul, ljustein, vevlodd og reiskapar av kvalbeinrestar.

I tidleg mellomalder veit ein at Austevoll var sentral i kyrkjesamanheng. I stavkyrkjene på Sandtorv og på Møkster har folk hatt ein åndeleg og sosial treffstad. På Bergen museum kan ein sjå alterskåpet frå Sandtorvkyrkja. Dette vert rekna som eit særst godt arbeid innan mellomalder-kyrkjekunst. Skåpet vart laga i Nederland i 1510-1520. Frå denne tida finn ein fleire spor etter folk og verksemd i Austevoll. På Sunnhordland Museum finn me «Stolmastova». Dette er ei årestove som har stått i klyngetunet på Våge på Stolmen. I Stolvågen vart det i denne tida drive handel og utrusting av skip. På 1600-tallet visar kjelder at det var handel og gjestgjevarverksemd i Kvalvågen på Stolmen.

Folk flest levde nok eit tradisjonelt liv med verksemd knytt til jordbruk og fiskeri. På Hufthamartunet kan ein leva seg inn i 1600-talet sitt leveste. Her kan folk ha sete rundt eldstaden i «gamlestova» som framleis står i tunet. Stova vert kalla ei årestove og fortel oss om utvikling innan buform og eldstadutvikling dei siste 400 år.

Ut over 1600-tallet vaks det fram mange handel- og gjestgjevarstader. Me kjenner dei den dag i dag som Bekkjarvik, Bakholmen, Bakkasund, Krosshamn osv.

I *Kulturhistorisk veibok* for Hordaland (1993) kan ein lesa at det skjer mykje på kyrkjefronten i desse åra. I 1635 reiv dei kyrkja på Sandtorv, og bytta kyrkjestad til Hundvåkøy. Delar av gamlekyrkja vart brukt i den nye, men ein skal visstnok framleis finna restar etter stavkyrkja i løer på Hundvåkøy. På Møkster vart det ny tømmerkyrkje i 1686.



"Baggaholm", i dag Bakholmen, vart teikna inn på kartet Carta Marina av Olaus Magnus i 1572. Ein trur at det var ein viktig stoppestad langs leia. Kjelde: www.digitaltmuseum.no Opphavsrett: Digitalt fortalt

På lokalhistoriewiki kan ein lesa at det i 1701 er registrert 375 mannspersonar i øyriket. I 1769 er folketallet 1265 personar, i 1801 1592 personar og i 1890 er folketallet kome opp i 2870 personar.

(https://lokalhistoriewiki.no/wiki/%C3%85rstalsliste_for_Austevoll). I løpet av 1700- og 1800-talet veks folketal, handelsverksemd, skule og organisasjonsliv side om side. Austevollingen driv handel, dei driv brugdefangst, dei losar og dei fiskar når silda kjem inn til kysten, dei driv heimejorda og utmarka. Om kveldane og i fristundene var det tid for karding, spinning, veving og sying. Alt hushaldet hadde trong for, måtte lagast eller bytast til seg.

Verksemd på sjøen og aukande krav til tryggleik utover 1800-talet resulterte mellom anna i fyrstasjonar på Økshamaren og Pirholmen i 1849 og Marsteinen fyrstasjon i 1877.

I 1849 bryt det ut ein koleraepidemi under sørafisket etter sild. Eit av minna etter denne grufulle hendinga finn me på Kalve. Framleis går den under nemninga «kolerakyrkjegarden» på Storekalsøy. 1800-talet er tida det blei etablert skulestover, postopneri og ein fekk rutebåtar som frakta gods og folk sør og nord for øyane. Ein får nye kyrkjer på Storebø og Stolmen. På Kalve spring smågutane frå 1890 åra opp «skipmannstegen» til loshytta for å speida etter fartøy som kunne ha bruk for los. Fram mot 1900-talet utvikla fiskeriet seg ved at ein prøvar seg på nye fiskefelt, Islandsfiske. Det vert og tatt i bruk nye typar reiskap. I 1894 deltok ein seglkutter frå Møkster truleg som første austevollsbåt på makrelldorgefisket i Nordsjøen. I 1903 prøvar ein ut den nota som skulle bli viktig for 1900- og 2000-talet sitt havbaserte industrielle fiskeri. Frå skepsis snur trua på grunn av ei nyvinning frå Amerika, og etter kvart vart snurpenota ein faktor for suksess og vidareutvikling i Austevoll.



Skipmannstegen ved loshytta på Kalve – Foto Austevoll Kommune

I 1902 stod det første ungdomshuset i kommunen ferdig på Stolmen. I 1911 og 1912 starta Stolmen og Selbjørn Fiskerforening. Etter kvart får kommunen eit mangfald av foreiningar innan målsak, fiskarkvinnelag, husmorlag, fiskarlag og kristelege foreiningar.

Både 1. og 2. verdskrig prega austevollsamfunnet. Austevollingar var med i krigshandlingar, og særleg under 2.verdskrigen var fleire aktive i motstandsarbeidet. På Møkster står huset etter «handelsmannen» Abalone Møgster (1883-1974). Ho vart arrestert 25. juni 1942 og sendt til Tyskland for motstandsarbeid på Møkster. Ho er berre eitt døme på aktiviteten under den siste krigen. Fysiske minne etter denne krigen finn me framleis på Stolmen og på Marsteinen fyrstasjon.

I åra 1958-1970 vart, ifølgje lokalhistoriewiki, dei fleste småbruka i kommunen lagt ned, og kombinasjonen småbruk-fiske var, med nokre få unntak, borte (www.lokalhistoriewiki.no). Dette fortel oss at andre næringar blir viktigare, utdanning til andre yrke tar over og fiskeflåten er i ferd med å effektiviserast. I åra etter 1960 kjem det nye reiarlag, det vert kjøpt nye fiskebåtar, og starta mekanisk verkstad og notverkstad i kommunen. Båtane får etterkvart kraftblokk og går over til den moderne ringnota. I 1964 er austevollsbåtar med på ringsnotfiske etter sild og makrell i Nordsjøen. I 1975 får Austevoll sin første fabrikksturpar, «Møksterfjord», som visstnok var den første i landet av det slaget.

Vegutbygging og privatbilar gjer sitt inntog utover 1960-talet, og kommunen får eigne bilverkstadar.

På slutten av 1970-talet etablerar Havforskningsinstituttet Austevoll Havbruksstasjon, og like i nærleiken kjem Fiskarfagskulen i Austevoll (i dag Austevoll vidaregåande skule). Det vert i desse åra større fokus på ei næring som etterkvart skal blir ei særskild viktig næringsgrein – oppdrett av laks.

Samstundes som det skjer ei stor og rivande utvikling innan fiskeri og havbruk, startar ein opp arbeidet med bygdebok for Austevoll (Tufteland, Johan (red.): *Austevoll gard og ætt I. Møkster sokn*. Utgjevar: Austevoll herad (1978)). Fleire vender blikket bakover mot fortida, og i 1979 startar Huftarøy husflidslag sitt arbeid. Dei gjorde og gjer framleis eit godt arbeid for å dokumentera lokal folkedrakt- og handverkstradisjon, og halda kunnskapen levande for nye generasjonar.

Ved årsskiftet 2015 passerte folketallet i Austevoll 5000 personar. Skal ein samanfatta historia til Austevollingen, lever kommunen framleis av fiskeri, oppdrett og i seinare år ein viktig supplyflåte. I kjølvatnet av dei nemnde verksemdene har kommunen mange bedrifter som driv med innovativ næring knytt opp mot det eksisterande, men og næringar som går nye vegar. Me går ei spanande framtid i møte. Korleis vil framtida bli? Det gjenstår å sjå.....



Ein skuledag i jernalder ved Aratuå/Grønestølen på Hufthamar

KULTURMINNE I AUSTEVOLL – TEMATISK OVERSYN

Menneske frå kvar historisk tidsperiode «legg igjen» spor frå sin aktivitet og skapartrong. Under finn ein eit tematisk objektoversyn etter innsamling av forslag til viktige kulturminne og kulturmiljø for austevollingen. Innsamling av forslag gjekk føre seg i november og desember 2015. I samband med kulturminneplan-arbeidet gjekk ein ut og bad om forslag til tema og konkrete kulturminne som burde få ein plass i kulturminneplanen. Her er eit oversyn over det som kom inn av forslag. I revideringa av kulturminneplanen i 2021 har ein jobba vidare med dette oversynet og fått inn nokre nye forslag. Ein har lagt til fleire opplysningar, foto og lagt på vernekategori A,B eller C. I tillegg vert kategoriane knytte til eit eige skriv med føreseigner for å forvalta kulturminna på ein god og framtidsretta måte. Sjå eige vedlegg. Dokumentasjon knytt til kulturminne og kulturmiljø er eit pågåande arbeid som vil fortsetja i kommande planperiode. Planen vert difor sett på som eit levande dokument. Kulturminna og kulturmiljø er lagt inn i følgjande oppsett:

Fornminne/Automatisk freda kulturminne:

Spor etter vår eldste historie i landskapet
Lause kulturminne

Kulturminne frå nyare tid:

Faste kulturminne frå etter-reformatorisk og nyare tid:
Kyrkjer, kyrkjebygg og gravplassar
Kulturmiljø i kystkulturen sitt kulturlandskap (handelsstadar, tettstadar, sjøhusmiljø)
Kulturmiljø i landbruket sitt kulturlandskap (gardsanlegg, utmarksverksemd)
Samferdsle
Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag
Samfunnsinstitusjonar (offentlege bygg, organisasjonsliv og skulebygg)
Forsvar og krigsminne
Ferie og fritid
Bustadar og arkitektur (historisk utvikling innan lokal arkitektur)
Parker og hagar

Lause kulturminne frå etterreformatorisk- og nyare tid:

Private og offentlege samlingar av kulturhistoriske gjenstandar
Båt og fartøy
Reiskap frå fiskeri og anna verksemd
Foto og skriftleg materiale
Kunst

Immaterielle kulturminne:

Handverk
Tradisjon og segner
Song, musikk og dans

Fornminne/Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne er funn frå tida før 1537 og i Austevoll er det registrert om lag 140 fornminne.

Registrerte fornminne er registrerte i kart og databasane www.askeladden.no og www.kulturminnesok.no. Dette er eit godt og oppdatert materiale som gir gode opplysningar om arkeologiske funn knytte til Austevoll. Materialet visar restar av busetting, åkrar, dyrkingsspor, båtstøer, gravhaugar og andre gravminne. Det er gjort ei rekke lausfunn som er registrerte og ivaretatt på Historisk Museum i Bergen.

Kulturminnelova § 14. omhandlar skipsfunn. Staten skal ha eigeomsretten til meir enn hundre år gamle båtar, skipsskrog, utstyr, last og anna som har vore frå eller delar av slike ting, når det synest klart etter tilhøva at det ikkje lenger er rimeleg sannsynleg at det er mogleg å finna ut om det er ein eigar, eller kven som er eigar.

Rundt Austevoll er det registrert omlag 15 slike funn. Fleire av desse er automatisk freda, andre har ein uavklart status.

Forvaltningsmyndigheit over kulturminne frå før reformasjonen er lagt til Historisk museum/Bergen Museum, Hordaland fylkeskommune, medan Riksantikvaren har det overordna ansvaret. Kommunen har likevel ansvar for at det blir tatt omsyn til fornminnene. Kommunen skal bidra til skjøtsel og formidling av fornminne. Alle innbyggjarane har også eit ansvar. Det er viktig å ta omsyn ved utbygging og ferdsel i fornminneområde. Dersom det vert oppdaga skade eller hærverk på eller ved fornminna, er det viktig å kontakta kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Blir det gjort funn som kan tenkast å vera eit fornminne, er det plikt om å melda frå til same myndigheit.

Hordaland fylkeskommune hadde i rapporten «*Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK)*» gjort eit prioritert utval av arkeologisk kulturminne som får eit fokus knytt til tilrettelegging og formidling. For Austevoll sin del var dette:

Gravrøyser Kongsen på Selbjørn
Steinalderbuplassar Drivenes på Selbjørn
Gravrøys Eidsbøen på Huftarøy
Gravrøys Storebø på Huftarøy
Gravrøys Kolhaugen Bekkjarviksundet på Huftarøy

Dei prioriterte kulturminna er tekne med og vidare omtala i handlingsplan for kulturminne i Austevoll. I tillegg har ein lagt til gravrøysa på Aratua/Grønestølen på Hufthamar. Dette fornminnet har ein viktig pedagogisk verdi for Storebø skule, god plassering nær riksvegen og bygdetunet Hufthamartunet. Fornminne/automatisk freda kulturminne er freda etter kulturminnelova og blir forvalta av Riksantikvaren og fylkeskommunen. Desse driv systematisk kartlegging over lang tid, og minna har eit sterk vern med lov.

HISTORISK TIDSREKNING I NOREG

ELDRE STEINALDER 10 000 – 4000 f.kr
YNGRE STEINALDER 4000 – 1800 f.kr
BRONSEALDER 1800 – 500 f.kr
JERNALDER 500 f.kr – 1050 e.kr
(Folkevandringstid 400 – 800)
(Vikingtid 800 – 1050)
MELLOMALDER 1050 -1537
NYARE TID 1537 – 1649
(etter reformasjonen)
NYARE TID 1649 – i dag

Automatisk Freda kulturminne er alle kulturminne som er eldre enn 1537, og ståande byggverk som er fra før 1650. Desse er automatisk freda gjennom kulturminnelova og opnar for at kulturminne fra nyare tid kan fredast ved enkeltvedtak

Kulturminneloven §3

«Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje»

I Austevoll har ein, som før omtala, mange spor etter fornminne/automatisk freda kulturminne. Desse ligg ofte meir eller mindre skjulte i terrenget. Derfor er det spesielt viktig å leggja til rette for informasjon og tilgjenge til desse kulturminna. Slike kulturminne kan gje høve til lærerike møte mellom fortid og notid. I Austevoll finn ein spor etter steinalder-lokasjonar, anna busetting, gravrøyser og gravminne. I tillegg er det fleire lause funn frå steinalder, bronsealder, jernalder og mellomalderen. I denne planperioden vil ein fokusera på dei prioriterte kulturminna under, men det er sjølv sagt ynskjeleg at ein utvidar prioriteringslista for å heva kunnskapen og statusen til desse kulturminna.

MÅL for arbeidet med automatisk freda kulturminne/fornminne i planperioden er å vera i dialog/samarbeid med fylkeskonservator om:

- kartlegging og tilstandsrapportar til lokale fornminne
- fagleg vurdering av omsynssoner rundt fornminna
- sikra god sakshandsaming etter gjeldande lovverk
- kommunen må skilta og gjera prioriterte fornminne tilgjengelege for lokalbefolkning og tilreisande

Sjå fullstendig oversyn og kartfesting av registrerte fornminne/automatisk freda kulturminne i Austevoll på www.kulturminnesok.no og www.askeladden.no



Sigd av grå flint med lyse spetter, rett egg og oppskjerpet, vinklet rygglinje, som gir sigden en trapesoid form. Funnet i tilkjørt jord til hage i Vestre Vinnesvågen. Kjelde: <https://digitaltmuseum.no/021029851980/sigd>

Gravrøyser Kongsen på Selbjørn

Fire gravrøyser frå bronsealder/jernalder. Dei er bygde på Kongsafjellet, på toppen av lave fjellknausar. Slik har dei som bygde gravrøysene, fått flotte røyser utan altfor mykje arbeid. To av røysene er målte til 7 meter i tverrmål, og den største røysa er 20 meter i diameter og omlag 3 meter høg. Dei tre andre er mindre.

Gravrøyser som desse ser ut som ein stor haug med stein. Steinen er ofte kring 30 centimeter i tverrmål, men ein finn også ofte større blokker på kring ein meter i ei røys. Det ligg ikkje jord og veks ikkje gras på gravrøyser, slik det gjer på gravhaugar. Alle gravminna på Kongsafjellet har vore røva. Nokon har grove seg heilt ned til fjellet under den største av røysene og kasta steinen utover.

Kongsafjellet, 185 moh, er det høgste punktet på øya Selbjørn. Fjellet blir kalla Kongsen, og er eit populært turområde, i dag lett tilgjengeleg via fint steinsette trapper.

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Lett tilgjengelege gravrøyser frå bronsealder/jernalder
 Mykje besøkt
 Er dekkja med mose og kratt
 Stein er spreidd utover

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ryddig av feltet
 Sette opp informasjonsskilt
 Ny kartlegging/registrering av fylkeskonservator
 Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator



Frå Kongsen. Staden er dag eit populært turmål

Steinalderbuplassar Drivenes på Selbjørn

To steinalderbuplassar ein trur er frå tida 9200 – 4000 før Kristus. Ligg like ved sjøen/Selbjørn bru. Den eine lokaliteten er ca. 10 x 4 m og ligg 15 m.o.h. Den andre lokaliteten ligg nokre meter frå den fyrste og er 10 x 5m og ligg 13 m.o.h. Den eine lokaliteten ligg mellom to bergflater i nord og sør, og den andre ligg ope til i landskapet. I samband med arkeologiske undersøkingar vart det gjort fleire prøvestikk og samla blei det gjort 56 funn på buplassane. Dei fleste av funna var flintavslag.

Strandlina tilseier at alderen er tidleg mesolitikum (9200 - 8100 BC), og senmesolitikum (6400 – 400 BC), men mangelen på diagnostisk materiale gjer denne datering usikker.

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Lett tilgjengelege buplassar frå steinalder

Er dekt med mose og kratt

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ryddig av feltet

Setta opp informasjonsskilt

Ny kartlegging/registrering av fylkeskonservator

Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator

Gravrøys Kolhaugen Bekkjarviksundet på Huftarøy

Like over sundet for steinalderlokalitetane ligg røysa øvst på ei naturleg høgd. Denne er datert til tida bronsealder/jernalder. Gravrøysa måler 18 m i tverrmål og er godt og vel 1,5 m høg. Røysa er heilt overgrodd med lyng, bregne og brake. I 2007 vart gravrøysa kontrollert av Hordaland fylkeskommune. Røysa er intakt.

Røysa ligg i lyngvakse lende på Kolhaugen der Bekkjarviksundet er smalast, kring 75 m rett O for stranda og kring 60 m NNO for brusokkelen ved strandkanten. Frå staden er det storfelt utsyn over havet i NV og V. I S stengjer brua for utsynet.

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Lett tilgjengelege gravrøys frå bronsealder/jernalder

Er dekt med mose og kratt

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ryddig av feltet

Setta opp informasjonsskilt

Ny kartlegging/registrering av fylkeskonservator

Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator

Gravrøys Eidsbøen på Huftarøy

Gravrøys frå bronsealder/jernalder. Røysa ligg ved gymnastikksalen til Austevoll ungdomsskule med utsyn over Bjørnafjorden. Røysa er sterkt tilgrodd med mose, bregne, lyng og einer. Markeringa er uklår, men tverrmålet kan vera kring 5 x 3 m, orientert NO-SV. Høgda er truleg omlag 0,5 m. Nokre steinar/blokker stikk i dagen, og ein kan også kjenna steinar under vegetasjonen.

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Lett tilgjengelege gravrøys frå bronsealder/jernalder

Er dekt med mose og kratt

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ryddig av feltet

Setta opp informasjonsskilt

Ny kartlegging/registrering av fylkeskonservator

Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator

Gravhaug Prestaneset/Storebø på Huftarøy

Gravhaug frå jernalder. Haugen ligg ved vegen i byggjefeltet ved barnehagen. Gravhaugen måler 9 X 7 m. Høgda på haugen varierar frå 0,7-0,9 m til om lag 1,2 m. Haugen er kasta ut i midten, og her ligg og eit gravkammer som er godt synleg. Kammeret måler 1,8 X 0,7 m orientert NA-SV i lengda. Kammeret er konstruert av rund stein og noko brotstein. Kammeret er 0,5 m djupt. Det kan sjå ut til at haugen har hatt ei tunn kappe av jord, men no stikk fleire stein i dagen..

Haugen er delvis grodd med gras, lyng og brake, og syner ikkje godt i lendet slik vegetasjonen er i dag. Gravhaugen er eit godt døme på plassering av slike graver. Frå staden er det utsyn i alle himmelreningar.

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Lett tilgjengelege gravrøys frå jernalder

Er dekt med mose og kratt

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ryddig av feltet

Setta opp informasjonsskilt

Ny kartlegging/registrering av fylkeskonservator

Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator

Gravrøysa på Aratuå/Grønestølen på Hufthamar

Gravrøysa ligg like ved fylkesvegen på Hufthamar. Dette er eit gravminne frå jernalder.

Grava vart utgraven 1958-59 (Per Jahn Lavik) og restaurert. Haugen er 12,5 m i tverrmål og 1,60 m høg, bygd kring ein knaus som stakk fram i dagen i midten, av tørr stein med tjukt torvdekke. To bein låg under; ein halskvervel i V og eit hundebein 3 m mot O, saman med brend kvist. I Per Fett sine oppteikningar på Bergen Museum står det at dei og fant eit sverd, ein sigd og ei øks i haugen (https://www.dokpruio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html).

Frå ei registrering i 1986 står det at gravhaugen er 13 m i tverrmål og er kring 1,5 m høg. Han ligg på det høgaste punktet i grasvaksen, kupert beitemark. Haugen er intakt og godt synleg. Området vert i dag nytta som beitemark for sau og storfe. Mykje dyretråkk rundt haugen har øydelagt marka her, men sjølve gravminnet er uforstyrta. Årleg har Hordamuseet kome og hatt eit undervisningsopplegg med elevar frå Storebø skule om jernalderen. Dette opplegget vert gjennomført ved gravrøysa.

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Lett tilgjengelege gravrøys frå jernalder

Er dekt med mose og kratt

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ryddig av feltet

Setta opp informasjonsskilt

Ny kartlegging/registrering av fylkeskonservator

Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator

Skipsfunn/Funn under vann

Kulturminneloven § 14.

Staten skal ha eiendomsretten til mer enn hundre år gamle båter, skipsskrog, tilbehør, last og annet som har vært ombord eller deler av slike ting når det synes klart etter forholdene at det ikke lenger er rimelig mulighet for å finne ut om det er noen eier eller hvem som er eier. (www.lov om kulturminner.no) Kjelde: www.kulturminnesok.no/www.askeladden.no

Navn	Kulturminnetype	Vernestatus Pr. 2021	Lokalitets ID:	Art:
Arnvid	Skipsfunn/Funn under vann	Automatisk fredet	140919	Skipsfunn
Marsteinboen	Skipsfunn/Funn under vann	Uavklart	122699	Skipsfunn
Ivarsflua	Skipsfunn/Funn under vann	Ikke fredet	131799	Skipsfunn
Akenside	Skipsfunn/Funn under vann	Ikke fredet	139704	Skipsfunn
Borgny	Skipsfunn/Funn under vann	Ikke fredet	139702	Skipsfunn
Norcap	Skipsfunn/Funn under vann	Automatisk fredet	140906	Skipsfunn
D/S Delamore	Skipsfunn/Funn under vann	Uavklart	124874	Skipsfunn
Hilko	Skipsfunn/Funn under vann	Uavklart	139703	Skipsfunn
D/S Kong Olaf	Skipsfunn/Funn under vann	Automatisk fredet	89155	Skipsfunn
D/s Siggen	Skipsfunn/Funn under vann	Automatisk fredet	89120	Skipsfunn
Kornesteinsvika	Skipsfunn/Funn under vann	Automatisk fredet	89121	Skipsfunn
Skorøy	Skipsfunn/Funn under vann	Uavklart	89319	Skipsfunn
Bakkasund	Skipsfunn/Funn under vann	Automatisk fredet	89122	Havneområde
Krosshamn	Skipsfunn/Funn under vann	Ikke fredet	162553	Havneområde
Salthella Rabben	Skipsfunn/Funn under vann	Ikke fredet	158991	Sjømerke

Vernestatus: Automatisk freda

Tilstand: Ukjent

Kulturminneverdiar: Historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdi og bruksverdi

Tiltak i planperioden: Ny kartlegging/registrering

Fagleg vurdering av forvaltningsmynde (fylkeskonservator, sjøfartsmuseum)

Nyare tids kulturminne – kategoriar for vern og ivaretaking

I denne reviderte utgåva av kulturminne-planen er lagt mest vekt på kulturminne frå nyare tid. Status for kulturminne frå nyare tid i Austevoll, er at me i kommunen vår manglar ei samla oversikt over kulturminna. Det manglar og ei samla vurdering av verneverdien av dei enkelte minna. I tida etter den fyrste kulturminneplanen blei vedtatt i 2016, er klarare retningslinjer for forvaltning av kulturminna blitt etterspurt både på oppvekst- og kulturavdelinga og på avdelinga for plan- og byggjesak. Private eigarar og lokale lag innan feltet har og spurt etter klarare klassifisering og retningslinjer for vern av kulturminne og kulturmiljø i Austevoll. Dette er mellom anna naudsynt for å kunna søkja om tilskot til restaurering/vern av eit kulturminne eller kulturmiljø.

I denne reviderte utgåva av kulturminneplanen vil ein sjå nærare på dei prioriterte kulturminna me hadde med i den fyrste kulturminneplanen. Kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid vil sjåast i samanheng med «Føresegner og retningslinjer for bevaring av kulturminne og kulturmiljø – Kategori A, B og C». SJÅ EIGE VEDLEGG. Målet med den reviderte planen blir difor å klargjera verneverdi og retningslinjer for vidare ivaretaking og vern, gjennom å kategorisera dei einskilde kulturminna og kulturmiljøa som A, B eller C.

Eit pågåande arbeid framover vil difor bli å registrera og leggja dokumentasjon av stadig nye kulturminne og kulturmiljø inn i databasen www.askeladden.no. Dette arbeidet vil på sikt gje eit betre og meir fullverdig bilete av dei kulturminna som er på øyane i Austevoll.

I denne reviderte utgåva av kulturminneplanen held me som før på breidda i kulturminnetema frå nyare tid. Me har som før knytt utvalet av kulturminna til den lokale kulturhistoria, og det som peikar seg ut som det spesielle for Austevoll. Sjå oversyn i starten av del 2. Vidare vil me og gå inn på miljø og einskildminne, og sjå desse i høve til eit eige registreringsskjema utarbeidd til formålet. Sjå eige vedlegg.

Dette skjemaet er utarbeidd ut frå nasjonale verneverdiar. Når det gjeld kategorisering finns det ikkje ein nasjonal standard. Kategorien A, B, C er difor sett i forhold til nasjonale verneverdiar og lokal prioritering. Det er her viktig å leggja til at ein har vore i kontakt med fleire kommunar, og har jobba ut frå kulturminneplanane til mellom anna Bømlo kommune og Gloppen kommune.

Tilskot til verna kulturminne

Det overordna målet er å sikre kulturminneressursane i regionen som vitsskapeleg kjeldemateriale og grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Føremålet med tilskotsordninga er å minimalisera tapet av verneverdige kulturminne, gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordninga skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrke vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-istandsetjing-av-verneverdige-kulturminne/>

Kulturmiljø - Handels- og gjestgjevarstadar

Handels- og gjestgjevarstaden: Kvalvåg

Omtale: Handels- og gjestgjevarstad med kongeleg bevilling frå 1731. Kvalvåg var kjent alt på 1600-talet som handelsstad. Hamna låg godt til i høve til fiskeri og fiskeforedling slik denne verksemda vart driven i tidlegare tider. "Pettershuset" vart bygd i 1830-åra og høyrde til handels- og gjestgjevarstaden. I hagen ligg uthus, potetkjellar, løebygning frå 1892 og dokkestove frå 1920-åra. På baksida av huset låg og det gamle bakeriet. På kaien ligg bustadhuset som ein meinar har vore begynt på i løpet av 1600-talet, «brennevinsbua» stammar frå 1700-talet, og den store «trelasten» på nær 2000 m² var bygd i 1890-åra. Sjølve steinkaiaen vart begynt på omkring 1900. Denne var eit resultat av dampskipstrafikk og krav til meir effektiv frakt. Kyrkja frå 1892 ligg like ved. Gravplassen "Fredens dal" vart opparbeidd i samband med koleraåret i 1849. Funn av fleire automatisk freda kulturminne/fornminner i kulturmiljøet.

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: A Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegner og retningslinjer

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytte til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet. Straktiltak er naudsynt. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Privat eige

Potensiale: Eit verdfullt kulturmiljø med stort lokalt og regionalt potensiale. I dialog med grunneigar er det interessant å sikra bygningar og kulturmiljø. Trong for eigen kulturmiljø/verneplan

Tiltak i planperioden: Dialog med eigarar.

Kulturminneinformasjon – skilting eller app

Kartlegging og dokumentasjonsarbeid

Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator

Utarbeida eigen kulturmiljø-/verneplan



Kvalvåg. Foto: Austevoll kommune

Handels- og gjestgjevarstaden: Bekkjarvik

Omtale: Handels- og gjestgjevarstad frå 1600-tallet. I 1897 fekk familien Halstensen handelsbrev og har sidan den tid utvikla staden til bruk slik det er i dag. I tillegg til handelshus, kaiar, nothengje og bustadhus er Bekkjarvik Gjestgiveri eit markant og viktig bygg i kulturmiljøet. Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: B. Kommunalt listeførte kulturminne med høg verdi

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytte til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.

Endring av opphavleg kulturmiljø med m.a. forretningsbygg. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Private eigarar

Potensiale: Eit verdfullt kulturmiljø med stort lokalt og regionalt potensiale. I dialog med grunneigarar er det interessant å sikra bygningar og kulturmiljø. Trong for eigen kulturmiljø/verneplan

Tiltak i planperioden: Dialog med eigarar
Kulturminneinformasjon – skilting eller app
Kartlegging og dokumentasjonsarbeid
Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator
Utarbeida eigen kulturmiljø-/verneplan



Bekkjarvik. Foto: Austevoll kommune

Handels- og gjestgjevarstaden: Bakholmen

Omtale: Handels- og gjestgjevarstad nemnd med årstal i 1657. Kartfesta av Olaus Magnus i 1572 som «Baggaholmen». Ein trur at det var ein viktig stoppestad langs leia langt attende i tid. I 1890 overtok Peder Halvorsen Kleppe plassen. I hans tid var det ombygging av hus og handelshus. Handel, bakeri og postopneri var i drift på øya til 1940-åra. Rutebåten «Karmsund» hadde anløp Bakholmen frå 1865. Sund og Austevoll Sparebank hadde sete på øya som og var møtestad for heradsstyret i Austevoll og Møkster i tida 1886 -1964. Etter at det nye kommunehuset stor ferdig på Storebø i 1964, vart møta flytta, og det vart stille på Bakholmen. I dag er plassen feriestad, i privat eige. Ingen heilskapleg formell vernestatus av kulturmiljøet.

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: A Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegner og retningslinjer

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytte til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar, bruksverdiar og landskapsverdiar. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Private eigarar

Potensiale: Eit verdfullt kulturmiljø med stort lokalt og regionalt potensiale. I dialog med grunneigarar er det interessant å sikra bygningar og kulturmiljø. Trong for eigen kulturmiljø/verneplan

Tiltak i planperioden: Dialog med eigarar
Kulturminneinformasjon – skilting eller app
Kartlegging og dokumentasjonsarbeid
Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator
Utarbeida eigen kulturmiljø-/verneplan



Bakholmen. Foto/kjelde: <https://www.grind.no/midthordland/austevoll/bakholmen>

Handels- og gjestgivarstaden: Gamle Bakkasund

Omtale: Handels- og gjestgivarstad frå 1660 åra. Frå omlag 1730 skal, i følgje Austevoll saga – kultursoge 1, den same slekta ha hatt sete som gjestgjevarar, handelsmenn og oppsitjarar i 200 år. Staden var sentral i inn og utsegling til Krossfjorden. Her kunne mellom anna fiskarane få kvile, mat og øl under vinter- og vårfiske. Bakkasund var og ein del av systemet dei utvikla på 1600 talet, der det vart fastsett at for kvar mil eller dagsreis skulle vera ein overnattingsstad og gjestgiveri med kro. Merket for at her fanst ein stad for den farande, var ein kross, eller om natta ei lykt som viste vegen. I 1791 fekk staden løyve som gjestgjevarar. Den siste som dreiv verksemda, dreiv fram til 1940. I dag er gamle Bakkasund ein feriestad. I kulturmiljøet finn vi følgjande bygg: hovudhud (med tidlegare butikk i kjellar), skjenkestove, sjøbod og løe.

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: A Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegner og retningslinjer

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytte til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Private eigarar

Potensiale: Eit verdfullt kulturmiljø med stort lokalt og regionalt potensiale. I dialog med grunneigarar er det interessant å jobba fram ein eigen kulturmiljø/verneplan

Tiltak i planperioden:

- Dialog med eigarar
- Kulturminneinformasjon – skilting eller app
- Kartlegging og dokumentasjonsarbeid
- Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator
- Utarbeida eigen kulturmiljø-/verneplan



Gamle Bakkasund.

Foto/kjelde: https://kunsthistorie.com/fagwiki/Fil:20150923_Bakkasund_051_resize.JPG

Handels- og gjestgjevarstaden: Krosshamn

Omtale: Krosshamn var ein etablert gjestgivarstad på 1600-tallet. Utviklinga av staden vert sett i samanheng med stavkyrkja som stod på Sandtorv til 1600-tallet. Det skal ha stått ein kross på staden som skulle vise vegen til kyrkja. Av dette kom namnet Krosshamn. Frå 1700-tallet er det fleire kjelder å halda seg til og dei fortel om ulike eigarar, hendingar og forretningsføretak. Her var skomakar, fargar av tøy, bakar, handel og postopneri. I 1837 vart det innført kommunalt sjølvstyre i Norge, og store delar av Austevoll vart lagt under Sund kommune. Krosshamn vart i denne samanhengen ein politisk/administrativ møtestad i den nye kommunen Sund og Austevoll. Dette heldt fram til 1886, då Austevoll vart eigen kommune. Frå 1900 til 1946 var Lina (Oline Bergitte Berentsdatter) forpaktar og "handelsmann" i Krosshamn. Etter at Lina gav seg, blei butikkdrifta flytta til kaien på Sandtorv. Familien til Lina fekk kjøpa Krosshamn, og har etter dette brukt staden som feriestad

I kulturmiljøet finn vi følgjande bygg: hovudhus (med tidlegare butikk) og tingstove. På eigedommen er, og har det stått, sjøhus, eldhus med baderom, stabbur, bygg for farging, låve og fjøs, bakeri og "rulleboden". I berget på eigedommen finn ein fortøyingspålar til bruk for større seglskip/fartøy.

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: A Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegner og retningslinjer

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytte til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Private eigarar

Potensiale: Eit verdfullt kulturmiljø med stort lokalt og regionalt potensiale. I dialog med grunneigarar er det interessant å jobba fram ein eigen kulturmiljø/verneplan

Tiltak i planperioden:

- Dialog med eigarar
- Kulturminneinformasjon – skilting eller app
- Kartlegging og dokumentasjonsarbeid
- Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator
- Utarbeida eigen kulturmiljø-/verneplan



Krosshamn – Bilete utlånt av Kåre Sandtorv

Handels- og gjestgjevarstaden: Kolbeinshamn

Omtale: Langt tilbake i tid har Kolbeinshamn vore ei lun hamn for dei farande i leia. I 1710 budde det ein kipper (tønne- og kjeppemakar) Olle i hamna. I 1757 heiter det at staden er "et ganske fornødent sted for reisende". Her var det losji og skifte av båt for den som var på reise. I 1870 fekk Peder Monsen Hummelsund handelsbrev. I fire generasjonar etter Peder var det handel i Kolbeinshamn. I tillegg til handel var det postopneri, anløp av rutebåten frå 1878. Etter kvart vart det investert i fiskefartøy og nybygg på staden. Kombinasjonen handel, gjestgivarverksemd, gardsdrift og fiskeri, heldt fram. Tidene endra seg, og i 2007 var rammevilkåra for handelstaden så endra at ein la ned drifta etter 139 år.

I kulturmiljøet finn vi følgjande bygg: hovudhus frå 1868/1923, nothengje/butikklokale frå ca. 1920/1965, naust og bueining frå 1869. På eigedommen står det i tillegg ein forretning og ei bueining frå 1980-talet, og eit hus ført opp på gamal grunn i 1970.

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: A Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegner og retningslinjer

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytte til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Er eit godt døme på den historiske tidslinja for denne type handelsstadar med eit mangfald av aktivitet (skysstasjon, anløp for rutebåten, postopneri mm). Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Private eigarar

Potensiale: Eit verdfullt kulturmiljø med stort lokalt og regionalt potensiale. I dialog med grunneigarar er det interessant å jobba fram ein eigen kulturmiljø-/verneplan

Tiltak i planperioden:

- Dialog med eigarar
- Kulturminneinformasjon – skilting eller app
- Kartlegging og dokumentasjonsarbeid
- Fagleg vurdering av omsynssone av fylkeskonservator
- Utarbeida eigen kulturmiljø-/verneplan



Kolbeinshamn – Bilete Peder Kolbeinshavn

Kulturmiljøet: Storebø kai – «Hippakaaien»

Omtale: Handelsfirmaet til Jan Pettersen i Kvalvåg etablerte i 1893 ein filial på Storebø. Filialen på Storebøkaaien fekk på folkemunne tilnamnet «hippakaaien». På Hippen fekk ein kolonialvarer, bunkers og anna naudsynt til hushaldet og til utrusting av fiskebåtar. På Storebøkaaien var det yrande liv når rutebåten kom med reisande, ferske varer og post. Forretningsbygget brende ned i 1945, men vart straks bygd opp att. I nybygget vart det plass til kommunale kontor, bank, likningskontor, trygdekaske og lækjarkontor. I tillegg til dette bygget har kulturmiljøet framleis «meieriet», og fire naust. Frå Storebø-kaaien gjekk den gamle kyrkjevegen til kyrkja.

I kulturmiljøet finn vi følgjande bygg: Ny kartlegging og dokumentasjonsarbeid er naudsynt i planperioden

Vernestatus: Kommunalt listeført

Vernekategori: B. Kommunalt listeførte kulturminne med høg verdi

Kulturminneverdiar: Høg lokal og regional verneverdi. Kulturmiljøet sine verdiar er knytt til historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. Området er ein viktig del av identiteten til Storebø som kommunesentrum, kyrkjestad, handelsstad, skulestad og turrstad. Området er i endring og områdereguleringsplan for Storebø tek omsyn til endringa, men tek og omsyn til dei kulturhistoriske verdiane som ligge her ved sjøen. Kommunen har eit rettleiingsansvar for ivaretaking av desse verdiane ved utbygging. Må prioriterast høgt i vidare kulturminnearbeid i kommunen. Sjå eigen handlingsplan for kulturminne i Austevoll.

Eigarform: Private eigarar

Kommunen har ei rik kulturarv knytt til verksemda på sjøen og på land. I Austevoll har ein fleire handels- og gjestgjevarstadar, naustmiljø, bustadhus og hus/grunnar i utmarka som fortel om ei fleire hundreårig lokalhistorie. I planperioden må ein leggja til rette for at desse kulturmiljøa og kulturminna blir dokumenterte, blir gjort meir kjente i lokalsamfunnet, og at ein finn moglege løysningar for å ta vare på desse unike kulturmiljøa og kulturminna for ettertida.

Del i planen	Tema	Tiltak	2021	2022-2025	Ansvar
2	Kulturmiljø Handels- og gjestgjevarstadar	Kartleggja, dokumentera og utarbeida eigne kulturmiljø-/verneplanar for handels- og gjestgjevarstadane. Oppstart med kulturmiljøet Kvalvåg, og oppfylging med dei andre handels- og gjestgjevarstadane Søkja midlar til eige registreringsprosjekt	x	x	Kommunen/ kulturavd/ plan og byggesak Grunneigar Lag Reiseliv Universitet
2	Kulturmiljø Faste kulturminne «Bustadhuset i Austevoll»	Kartlegging av bustadhus i kommunen, få fram historia, sjå utviklinga innan buform og vurdera verneverdien av dei som eit samla miljø. Søkja midlar til eige registreringsprosjekt «Bustadhuset i Austevoll»		x	Kommunen/ kulturavd. Grunneigar Universitet
2	Kulturmiljø Sjøbruksmiljø/ Naustmiljø	Kartlegging av naustmiljøa i kommunen, få fram historia og vurdera verneverdien av dei som eit samla miljø Søkja midlar til eige registreringsprosjekt	x	X	Kommunen/ kulturavd Grunneigar Universitet
2	Kulturmiljø	Kulturminneinformasjon – skilting og/eller app i kulturminnemiljø		x	Kommunen/kulturavd. Lag Reiseliv
2	Kulturmiljø	I dialog med grunneigar – få sett i stand att ein uteflor til formidlingsføremål	x	x	Grunneigar Kommunen/ kulturavd.

2	Kulturmiljø	I dialog med grunneigar - få sett i stand att brakatorvhus i Bratten	x	x	Grunneigar Kommunen/ kulturavd
2	Kulturmiljø	I dialog med grunneigar – få sett i stand ei fjordamannsbu til formidlingsføremål	x	x	Grunneigar Kommunen/ku lturavd.
2	Kulturmiljø	I dialog med grunneigar – få sett i stand ein potetkjellar til formidlingsføremål	x	x	Grunneigar Kommunen/Ku lturavd.
2	Kulturmiljø	Kartlegging av kystgardane i kommunen, få fram historia og vurdera verneverdien av dei som eit samla miljø	x	x	Kommunen/ku lturavd. Landbruk Grunneigar
2	Kulturmiljø	Utarbeida eigen verneplan for Hufthamartunet Utnytta potensialet tunet har som besøksstad for skule og reiseliv		x	Kommunen/ku lturavd. Lag Skulane
2	Kulturmiljø	Utarbeida eigen verneplan for kolerakyrkjegarden på Kalve. Utnytta potensialet og samanhengane i det totale kulturmiljøet på Kalve. Jobba fram formidlingsopplegg for skule og reiseliv		x	Kommunen/ku lturavd. Kyrkje Lokale lag Reiseliv
2	Kulturmiljø	Samferdsle og kaianlegg Kartleggingsarbeid		x	Kommunen/ku lturavd. Lokale lag
2	Kulturmiljø	Vassdrag, bygdesag og kvernhus Tilby tilstandskontroll som grunnlag for private søknadar til kulturminnefondet		x	Grunneigar Kommunen/ku lturavd.
2	Kulturmiljø	Skaffa midlar til informasjonskilt for tekniske kulturminne, krigsminne og steinbrot		x	Kommunen/ku lturavd.

2	Kulturmiljø	Vurdera verneverdien og brukspotensialet til dei gamle skulehusa i kommunen		x	Kommune/kultu ravd. Lokale grendalag
---	-------------	---	--	---	--

Målsetting for lause kulturminne

I planperioden må ein sikra ei god bevaring av verneverdige lause kulturminne

Del i planen	Tema	Tiltak	2021	2022- 2025	Ansvar
2	Lause Kulturminne Private samlingar	Komma i dialog med private og lag som har kultur-historiske samlingar om vidare drift og samarbeid		x	Kommune/kulturavd.
2	Lause kulturminne	Kartlegging og dokumentasjon av «nye» gjenstandar som har ei spesiell historie og kulturverdi		x	Kommune/kulturavd.
2	Lause kulturminne	Supplera samlinga på skulemuseet på Storebø med skulerelaterte gjenstandar. Jobba med opplegg for pedagogisk bruk		x	Kommune/kulturavd. Lag Skulane
2	Lause kulturminne	Registrering av småbåtar bygde i Austevoll		x	Kommune/kulturavd. Lag
2	Lause kulturminne	Jobba med systematisk innsamling og digitalisering av gamle foto og informasjon om desse bileta		x	Kommune/kulturavd. Lag Private
2	Lause kulturminne	I samarbeid med lokale lag sjå på mogelegheitene for å etablera ein lokalhistorisk samling	x	x	Kommune/kulturavd. Lag

Målsetting for immaterielle kulturminne

I planperioden må ein leggja til rette for at kunnskapen om tradisjonelt handverk blir teken vare på og gjort meir kjent i lokalsamfunnet. Det er og viktig å jobba med innsamling av ulikt munnleg tradisjonsmateriale.

Del i planen	Tema	Tiltak	2021	2022-2025	Ansvar
2	Immaterielle kultur	Støtta opp om tiltak som rettar seg mot båtbyggjar-tradisjonen i Austevoll		x	Kommune/kulturavd. Lag
2	Immateriell kultur	Støtta opp om tiltak som kan fremma kunnskapen om og formidling av tradisjonelt lokalt handverk		x	Kommune/kulturavd. Lag
2	Immateriell kultur	Jobba med systematisk innsamling av munnleg kjeldemateriale gjennom intervju og videoopptak	x	x	Kommune/kulturavd. Lag

Skjematisk oversyn – Vernekategori A, B og C

Kulturminne og kulturmiljø

Sjå i samanheng med vedlegget: «Føresegner og retningslinjer for bevaring av kulturminne og kulturmiljø»

Tema	Kulturminne/kulturmiljø	Vernekategori	
Fornminne	Registrert 140 fornminne. Desse er regulerte av kulturminnelova Sjå registreringar: www.askeladden.no www.kulturminnesok.no www.miljoatlas.no	Automatisk freda	
Skipsfunn	Registrert 15 skipsfunn Desse er regulerte av kulturminneloven § 14	Automatisk freda	
Kulturminne frå nyare tid Kategori A			
A	Handels- og gjestgjevarstaden: Kvalvåg	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Handels- og gjestgjevarstaden: Bakholmen	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Handels- og gjestgjevarstaden: Gamle Bakkasund	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Handels- og gjestgjevarstaden: Krosshamn	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Handels- og gjestgjevarstaden: Kolbeinshamn	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Kulturmiljøet: Fagerbakkevågen	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Stolvågen	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Stangelandsvågen	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Vestrevågen - Møkster	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet – Kalve/Storekalsøy	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	
A	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Ølnavågen Hundvåkøy	A - Kulturminne med særskild høg verdi og omsynssone. Sjå føresegnar og retningslinjer	

A	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Øklandsvågen Hundvåkøy	A. Kulturminne med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Sag og Steinnaust i Sandvik (Gardvik) – Huftarøy	A. Kulturminne med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Gauksheim – Treet – Selbjørn	A. Kulturminne med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø/-minne: Fjordamannsbu – Sandtorv	A. Kulturminne med særs høg verdi	
A	Kulturmiljøet/Kystgarden: Museumstunet - Hufthamartunet	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet/Kystgarden: Hotvik ved Gauksheim – Selbjørn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Gardsmiljø Vassnes	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Gardsmiljø Grepanes – Birkeland – Hufterøy	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Gardsmiljø Såtendal – Hufterøy	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Gardsmiljø Notanes– Hufterøy	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljøet: Gardsmiljø Hille – Storekalsøy	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturminne/miljø: Brakatorvhus i Bratten	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi	
A	Kulturminne/miljø: “Samson sine murar”- Årland Stolmen	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi	
A	Kulturminne/miljø: Steingardar og murar på Rosseide/Ystaneset på Stolmen	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi	
A	Kulturminne/miljø: Gauksheim – «Treet» - Selbjørn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi	
A	Kulturminne/miljø: Hellenen “OVEN” ved Hotvik/Gauksheim	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi	
A	Kulturminne/miljø: Ørne- og oterhytter på Selbjørn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi	
A	Kulturmiljø: Austevoll Kyrkje - Storebø	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Stolmen/Møkster Kyrkje - Stolmen	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Bekkjarvik Kyrkje - Bekkjarvik	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Storekalsøy Kyrkje - Storekalsøy	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Stolmen/Kvalvåg Gravplass med ringetårn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Stolmen/Kvalvåg Gravplass med ringetårn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Kalve «Kolerakyrkjegarden» - Gravplass med ringetårn Kalve/Storekalsøy	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Storebø gamle gravplass med ringetårn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Møkster Kyrkjestad/gravplass	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Litlakalsøy gravplass/ringetårn	A. Kulturminne/-miljø med særs høg verdi og omsynssone	

A	Kulturmiljø: Hundvåkøy gravplass m/kyrkje	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Kyrkjestaden på Sandtorv	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Gravplassen i Vinnesvågen	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Kaianlegg for ruteanløp Kvalvåg	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Bygdesag og mølleanlegg – Haukanesvassdraget Sagvatnet og Kvernavatnet	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi	
A	Kulturmiljø: Vassdrag med mølleanlegg - Vestre-Vinnesvåg	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi	
A	Kulturmiljø: Mølleanlegg mellom Gauksheim og Hottvik på Selbjørn	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi	
A	Kulturmiljø: Loshytta og skipmannsstegen på Kalve/Storekalsøy	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi og omsynssone	
A	Kulturmiljø: Grøntuo på Stolmen	A. Kulturminne/-miljø med særskilt høg verdi og omsynssone	
Kulturminne frå nyare tid Kategori B			
B	Handels- og gjestgjevarstaden: Bekkjarvik	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet – Storebø kai – «Hippakaien»	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi og omsynssone	
B	Kulturmiljøet – Naustvågen på Møkster/Handelsstaden Møkster Landhandel	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Naustvågen på Møkster - Handelsstaden Alfred Johnsen Ass.Landhandel	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Kolbeinsvik	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Salthella – sjøbruksmiljø	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet - Litlekalsøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet - Klepsvik/Storekalsøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet Bakka/Bakkastraumen Storekalsøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Melingsvågen (aust og vest) Hundvåkøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Vasseide/Birkeland Huftarøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet i Selvågen Huftarøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Drønspollen/Drøna – Huftarøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljøet: Grasdalsjøen/ Sætre – Selbjørn	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturminne/miljø: Potetkjellar/jordkjellar på Økland	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	

B	Kulturminne/miljø: Potetkjellar/jordkjellar på Taranger	B – Kommunalt listeført	
B	Kulturminne/miljø: Geithus Åsmundpollen i Eido	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Kaianlegg for ruteanløp i innløpet til Heimarkspollen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Kaianlegg for ruteanløp Røstøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Kvernhus v/Kvernavatnet Storebø	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Steinbrot for granittuttak Rostøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Steinbrot for granittuttak Storavikjø/Busepollen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Steinbrot for granittuttak Seiholmen ved Rostøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Anlegg for uttak av is til fiskeeksport /Kvalvåg Stolmen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: «Kanalen» Sørvik/Stolmen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Smie i Rostøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Smie i Bekkajrvik	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Kvernhus v/Kvernavatnet Storebø	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Samfunnshuset på Stolmen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Samfunnshuset /«Grendahuset» på Storebø	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Skulehuset i Gauksheim	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Skulehuset i Haukanes	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Gamleskolen på Storebø	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Gamleskolen i Naustheller/Nausthella - Kolbeinsvik	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Skulehuset i Bratten (Bratta skule)	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Drøna - Restar av flyvrak frå andre verdskrig	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: «Skåtunhola» Lyttestasjon i andre verdskrig – Loddø - Huftarøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Minnestein - Austevoll kyrkje -«Falne under 2 v.krig»	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Minnestein Austevoll kyrkje «Lindøy forliset»	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Minnestein Møkster Kyrkje på Stolmen «Falne under 2.v.krig»	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Privat museum – Økland på Hundvåkøy	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Kystmuseet på Storekalsøy - Bakkasund	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø/minne: Barkegryte frå Kvalvågen på Stolmen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	

B	Kulturmiljø: Kystmuseum/Båtsamling - Bekkjervik	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Skulemuseum – Gamleskolen på Storebø	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Immateriell kulturarv - Handverket knytt til Austevollbunaden	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Immateriell kulturarv - Handverket knytt til båtbygging	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Immateriell kulturarv - Handverket knytt til Reiskap brukt til fiskeri og jordbruk	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Immateriell kulturarv - Handverket knytt til tørrmuring i naturstein	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Immateriell kulturarv – Lyngbrenning i utmarka	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
Kulturminne frå nyare tid Kategori C	Kulturmiljøet: Sjøbruksmiljøet ved Storebøvågen – Storebø Huftarøy	C. Kommunalt listeførte kulturminne med kulturhistorisk verdi.	
C	Kulturmiljø: Steinbrot for marmor på Salthella	C. Kommunalt listeførte kulturminne med kulturhistorisk verdi.	
C	Kulturmiljø: Gamleskolen i Drøna - grunnmuren	C. Kommunalt listeførte kulturminne med kulturhistorisk verdi.	
Generelt. Registrering naudsynt Kategori B	Kulturmiljø: Torvhus og torvmyrer i utmarka	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturminne/-miljø: Uthus, steinsette innhegningar og steingardar i utmarka	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturminne/miljø: Steingardar	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturminne/miljø: Setermiljø – Uteflorar i utmarka Rabben/Veivåg	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Ferdselsårer/bygdeveggar i kommunen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Salteri i kommunen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Nothengjer i kommunen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Barkeri i kommunen	B – Kommunalt listeført kulturminne/kulturmiljø med høg verdi	
B	Kulturmiljø: Elektrisk straum	C. Kommunalt listeførte kulturminne med kulturhistorisk verdi. Kulturmiljø: Bedehus i kommunen	
B	Kulturmiljø: Bedehus i kommunen	B – Registrering er naudsynt	
B	Ferie og fritid – utleigebustadar/hyttebygging	B – Registrering er naudsynt	
B	Lokal byggeskikk og historisk utvikling innan den lokale bustadbygginga	B – Registrering er naudsynt	

B	Kulturmiljø: Båtbygging på Dalen/Bjelland på Storebø og «Slorkjen»/Vassnes I Kolbeinsvik	B – Registrering er naudsynt	
B	Kulturmiljø: Motorverkstad/Produksjon av motorar	B – Registrering er naudsynt	
B	Kulturminne: Garn, not og anna reiskap frå lokalt fiskeri	B – Registrering er naudsynt	
B	Kulturminne: Gamle foto	B – Registrering er naudsynt	
B	Kulturminne: Gamle brev og anna privat skriftleg materiale	B – Registrering er naudsynt	
B	Kulturminne: Tradisjonsforteljing, song og musikk	B – Registrering er naudsynt	

Føresegner og retningslinjer for bevaring av kulturminne og kulturmiljø

Vernekategori A, B og C

(Plan og bygningslova § 11-8, c og §11-9 pkt.6 og pkt.7)

Føresegner

- Ved tiltak etter pbl § 1-6 skal ein kontakta kommunen før tiltaka på registrert kulturminne/-miljø, vert utførte.
- Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Austevoll kommune skal vera retningsgjevande for all byggjesaks- og planhandsaming i kommunen som råkar kulturminne.
- Ved byggjetiltak nær eit kulturminne/kulturmiljø skal det leggjast særleg vekt på ei heilskapleg vurdering der målet er å ta vare på kvalitetane ved kulturminnet/kulturmiljøet.
- Kommunen skal laga si eigen kulturminnefaglege vurdering og tilråding. Større tiltak som nybygg, vesentleg fasadeendring eller tiltak på bygningar eldre enn 1850, og der kommunen elles finn det naudsynt, skal sendast regional kulturminnestyresmakt til uttale med kommunen si tilråding. Uttalen skal tilleggjast vekt i den vidare handsaminga, og normalt takast til følge.
- Alle byggeområde på land og i sjø er underlagt undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt. Dvs. at arbeidet skal stoppast og kulturvernmynde varslast dersom tiltaks-havar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.
- I tråd med nasjonale og regionale mål er målet for Austevoll kommune at tapet av kulturminne skal vera så lågt som mogleg

Verdiar knytte til kulturminnekategori A, B eller C

I kategori A er alle tre kategoriane til stades. I kategori B er to av verdiane til stades og i kategori C finn ein av verdiane. Kategoriane og verdiane må sjåast i samanheng med retningslinene for dei ulike kategoriane

Historiske kunnskapsverdiar:

Eks: Bygningshistorie, materialhistorie, stilhistorie, teknologihistorie, handverkshistorie, kunsthistorie, arkitekturhistorie, næringshistorie, landbrukshistorie, utmarkshistorie, fiskerihistorie, industrihistorie, sosialhistorie, idrettshistorie, busettingshistorie, krigshistorie, religionshistorie, minoritetshistorie, personalhistorie, miljøhistorie, forskingshistorie, ressurshistorie, økologihistorie

Opplevingsverdiar:

Eks: Arkitektonisk verdi, kunstnarisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, bruks- og alderspreg, patina, symbolverdi, tilhøyrse, identitetsverdi, undring, gjenkjenning, sinne, refleksjon, nysgjerrig driv og forbløffande hendingar

Bruksverdiar:

Eks: næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi, pedagogisk verdi, museal verdi, tilgjengelegheit, økonomisk verdi, ressurs verdi, eksisterande og potensiell bruksverdi, nytteverdi, positiv/negativ bruksverdi for eigar

Retningslinjer kategori A:

Kulturminne med **særs høg verdi og omsynssone H570 c** (pbl § 11-8c)

- Omsynssonene omfattar aller typar tiltak innanfor sona.
- Eksisterande bygningar skal haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordna seg omsyna som ligg til grunn for soneformålet.
- Dersom det skal gjerast tiltak som planering, graving, fylling o.l. må det skje i samråd med kommunal kulturstyresmakt. Større tiltak som fører til endringar av landskapskarakter eller terrengprofil, er ikkje tillate.
- Byggverk, kulturlandskap og kulturmiljø skal sjåast i samanheng med sin historiske kontekst, utviklingstrekk og sine omgjevnadar. Eventuelle nye bygningar skal underordnast og tilpassast det eksisterande kulturmiljøet. Eksisterande bygningar og byggverk vert normalt ikkje tillate rivne.
- Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar i omsynssone for kulturminne, er å ta vare på dei opphavlege bygningselement, og å skifta ut så lite som mogleg. Det skal leggjast særleg vekt på å oppretthalda karakteren og særtrekka til bygget. Form og volum, proporsjonar, material- og fargebruk skal bevarast. Ved istandsetjing av verneverdige bygningar skal opphavleg eller eldre eksteriørmessige detaljar som panel, listverk, vindauge, dører og taktekking, brukast om att og i størst mogleg grad reparerast, framfor å verta skifta ut. Ved usemje eller tvil om verneverdi og/eller tilstand, skal det innhenta uttale frå regional kulturminneforvalting eller antikvarisk sakkunnig, etter avtale med kommunal kulturminneforvalting.
- Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement er ikkje tillate.
- Gjenreising av bygningar på gamle murar/ruinar kan godkjennast dersom det fremjar kulturmiljøet sitt særpreg. Kommunen kan i særlege tilfelle, av omsyn til kulturlandskap eller kulturmiljø, likevel nekta slik gjenreising.
- Enkeltojekt med lågare verneklasse som ligg innanfor omsynssonene, blir vurdert ut frå verdien dei har i kulturmiljøet som heilskap. Ved brannskade og naturskade kan erstatningsbygg førast opp att. Desse skal tilpassast eksisterande bygningar i kulturmiljøet.

Retningslinjer kategori B:

Kommunalt listeførte kulturminne med **høg verdi**:

- Ved endringar i miljøet, eller oppussing, restaurering og større vedlikehald av bygningar, skal ein kontakta kommunen og nytta fagkompetanse til rettleiing.
- Eksisterande bygningar skal haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik.
- Dersom det skal gjerast tiltak som planering, graving, fylling o.l., må det skje i samråd med kommunal kulturstyresmakt. Større tiltak som fører til endringar av landskapskarakter eller terrengprofil, er ikkje tillate.

- Byggverk, kulturlandskap og kulturmiljø skal sjåast i samanheng med sin historiske kontekst, utviklingstrekk og sine omgjevnadar. Eventuelle nye bygningar skal underordnast og tilpassast det eksisterande kulturmiljøet.
- Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar er å ta vare på dei opphavlege bygningselement, og å skifta ut så lite som mogleg. Det skal leggjast særleg vekt på å oppretthalda karakteren og særtrekka til bygget. Form og volum, proporsjonar, material- og fargebruk skal bevarast. Ved istandsetjing av verneverdige bygningar skal opphavleg eller eldre eksteriørmessige detaljar som panel, listverk, vindauge, dører og taktekking, brukast om att og i størst mogleg grad reparerast, framfor å verta skifta ut. Ved usemje eller tvil om verneverdi og/eller tilstand, skal det innhenta uttale frå regional kulturminneforvalting eller antikvarisk sakkunnig, etter avtale med kommunal kulturminneforvalting.
- Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement, er ikkje tillate.
- Enkeltobjekt med lågare verneklasse blir vurdert ut frå verdien dei har i kulturmiljøet som heilskap. Ved brannskade og naturskade kan erstatningsbygg først opp att. Desse skal tilpassast eksisterande bygningar i kulturmiljøet.

Retningslinjer kategori C:

Kommunalt listeførte kulturminne med **kulturhistorisk verdi**:

I denne kategorien finn ein alle registrerte lokale kulturminne som ikkje har fått formell status som særskild høg eller høg verneverdi.

Kulturminna i denne kategorien kan vera mykje endra utan få originale bygningselement igjen. Dei kan vera særskild forfalne eller det kan vera delar som tidlegare har vore del av eit større miljø (Til dømes delar av steingardar, grunnmurar mm)

Alle kulturminne i Austevoll skal etter kvart registrerast og listeførast i nettportalen www.asketadden.no. Her skal alle kulturminne med kategorien c leggast inn.

Vert det søkt om riving, ombygging eller andre endringar, skal kulturminnet registrerast for å leggast inn på Askeladden. Lokalt kulturmynde vert tilkalla for registrering og vurdering av kulturminnet.

Mange kulturminne i denne «restkategorien» kan, utan omsyn til tilstanden, ha ein lokal kulturhistorisk verdi.

Kommunen skal registrera kulturminne i kategorien c, for å stimulera til vern av kulturminne og støtta private initiativ for å ta vare på dei.

Austevoll kommune skal generelt stimulera til løysingar der ein unngår å fjerna eller øydeleggja kulturminne.

Kjelde: <https://www.bomlo.kommune.no/f/p1/i45d4f314-6c80-4502-bb47-bfa21ed7e06f/kulturminneplan-bomlo-vedlegg-vedteke-i-kommunestyret-22032021-ps-26-2021.pdf>

KULTURMINNE I AUSTEVOLL

SKJEMA FOR REGISTRERING OG VERDSETTING AV LOKALE KULTURMINNE

Namn på kulturminne/-miljøet:

Spesifikasjonar:

Gards og bruksnummer:

Registreringsstad/Meir info:

Verdiar knytte til kulturminnet	Kva verdiar?	Utdjuping
Historiske kunnskapsverdiar		
Opplevingsverdiar		
Bruksverdiar		

Historiske kunnskapsverdiar:

Eks: Bygningshistorie, materialhistorie, stilhistorie, teknologihistorie, handverkshistorie, kunsthistorie, arkitekturhistorie, næringshistorie, landbrukshistorie, utmarkshistorie, fiskerihistorie, industrihistorie, sosialhistorie, idrettshistorie, busettingshistorie, krigshistorie, religionshistorie, minoritetshistorie, personalhistorie, miljøhistorie, forskingshistorie, ressurshistorie, økologihistorie

Opplevingsverdiar:

Eks: Arkitektonisk verdi, kunstnarisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, bruks- og alderspreg, patina, symbolverdi, tilhøyrse, identitetsverdi, undring, forbløffande hendingar, gjenkjenning, nysgjerrig driv, sinne, refleksjon

Bruksverdiar:

Eks: Næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi, pedagogisk verdi, museal verdi, tilgjengelegheit, økonomisk verdi, ressurs verdi, eksisterande og potensiell bruksverdi, nytteverdi, positiv/negativ bruksverdi for eigar

Andre verdier /eigenskapar med kulturminnet	Kva verdier /eigenskapar	Utdjuping
Alder, visar epokar og historiske samanhengar		
Autentisitet/opphavleg, og uendra gjennom tidsperiodar		
Mangfald, variasjon		
Samanheng og heilskap		
Dynamikk og endring		
Brot og kontrast		
Historisk lesbarheit og tydelegheit		
Bruk og funksjon for ny bruk		
Sårbarheit og tålegrense for inngrep og endringar		

Vurdering av kulturminneverdier (Bruk nemning som små, middels, høg, særst høg)	Lokale verdier	Regionale verdier	Nasjonale verdier
Kulturminnet representerer særleg verdifulle bidrag til lokal, regional og nasjonal kulturhistorie			
Kulturminnet er ei unik kjelde til historia der det fins få eller ingen skriftlege kjelder			
Kulturminnet representerar viktige fasar i historia eller er knytt til personar og hendingar som er særst viktig for lokal og allmenn historie			
Kulturminnet er knytt til offentleg verksemd eller andre aktørar med tyding for historia			
Kulturminna er verdifulle i eit samanliknande perspektiv, dei er: Unike eller sjeldne Representative for det breie mangfaldet som kan gje eit samla bilde av historia			
Kulturminnet er ein viktig utviklingsressurs			
Kulturminna sin alder og type utløyser automatisk juridiske verkemiddel på nasjonalt plan			
KONKLUSJON - VERDISETTING	A-kategori	B-kategori	C-kategori

Kjelde: https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/Haandbok_for_lokal_registrering.pdf

HØYRINGSINNSPEL TIL REVIDERT KULTURMILJØPLAN 2016 -2028

Kommunedelplan for kulturminne og -miljø i Austevoll kommune

Revidert utgåve 2022

Vurdering av innspel og tilråding til vidare arbeid.

Revidert utgåve av Austevoll kommune sin kulturminneplan vart lagt ut på høyring etter vedtak i tenesteutvalet den 19 april 2022. Frist for innspel var 17 juni.

Det kom innspel frå 5 ulike aktørar til den reviderte utgåva av planen. Det var ulike saker som vart presisert i dei innkomne innspela. Det er verd å merka seg at Vestland fylke melder at Riksantikvaren vil at ein erstattar «kulturminneplan» med omgrepet «kulturmiljøplan». Dette omgrepet gjer at enkeltobjekt vert sett i ein større samanheng og at det vert ein klarare samanheng til den øvrige klima- og miljøpolitikken (Stortingsmelding 16 (2019-2020) «Nye mål i kulturmiljøpolitikken»).

Under følger utdrag frå dei enkelte innspela. Tema og problemstillingar innspela peiker på vert vurdert og tilrådd. Vurdering og tilråding vert arbeid inn i planforslaget. Plan med endringar går vidare til politisk nivå for vurdering og endeleg godkjenning av planen.

AUSTEVOLL ELDRERÅD – MØTEREFERAT SAK – 007/22

«Eldrerådet ser planen som ein god og grundig plan. Dei ber om at følgende blir tatt med i planen:

- Vikingborg/gravhaug på Møkster
- Vikingshamna ved Grunnavågen
- Gravhaugane rundt Grunnavågen
- Gravhaugane på Kalve
- Gravhaugane på Storekalsøy»

Vurdering:

Forminna det er vist til er allereie med i planen. Dette er automatisk ferda fornminne. Desse er registrert av fylkeskonservator som er rette mynde i slike saker. Fornminne som er registrerte i kommunen vår vert lagt inn i databasen Askeladden. Sjå meir informasjon i kulturmiljøplanen under temaet «Fornminne/Automatisk freda kulturminne».

Tilråding:

Tema uttalen peiker på vert tatt til følgje.

Marius Milch - Gardsmiljø Notanes – (gnr og bnr 43/7)

«Min eiendom er forslått gitt vernekategori A. Dette vil som jeg forstår medføre begrensninger i utvikling av eiendommen. Jeg er usikker på om det er riktig at denne eiendommen klassifiserer til å bli gitt den høyeste vernekategori og hva som ligger til grunn for forslaget»

Vurdering:

I arbeidet med kulturminneplanen er gardsbruk som kan visa den tradisjonelle driftsforma med landbruk og fiske blitt vurdert som viktige kulturmiljø å ta vare på. Dei har i planen fått nemninga kystgard. Kystgardane har stor historisk og landskapsmessig verdi for kommunen. Me har få igjen av dess gardane i kommunen vår. Kystgardane som er med i planen er gitt eit «stempel» som eit særmerka kulturmiljø å ta vare på for ettertida. Kystgardane har verdier som minner oss om arbeidet som blei lagt ned for å busette seg og overleve her på øyane i vest. Dei er kjelder til å forstå ei livs- og driftsform som nå er passe'. Dei utgjør og viktige element i kystlandskapet. Notaneset er eit sær godt eksempel på desse verdiane. Grunneigarane har lagt ned eit stort og framifrå arbeid med vedlikehald av bygningar og landskap. For å behalda og utvikla Notaneset i tråd med dei historiske verdiane har kystgarden fått kategori A med omsynssone.

Det vert stilt spørsmål om evt. begrensing ved denne kategorien. I dette ligg at om ein skal utvikla området må grunneigar sjå til at kulturmiljøet ikkje blir råka. Ein ynskjer å oppretthalda karakter og særtrekk til kulturminna og omkringliggende miljø.

Området Notanes ligg ikkje som eit utbyggingsområde i kommuneplan, men som eit LNF område. Med dette meiner ein at landbruk-, natur- og friluftsverdier skal gå føre. No vil Notanes også få ei sone for området slik at ein må ivareta kulturmiljøet og landskapsverdier. Dette betyr at eigar ved ei utvikling av området må ta omsyn både til LNF-verdiane og kulturmiljø verdiane.

Me ser at grunneigar og familie på sikt vil kunne ønske endring av og i området. Dette kan vere å tilføre eigedommen nye bygg og/eller endring av eksisterande bygg til nye funksjonar. Slike tiltak vil i alle høve vere søknadspliktige og vurderinga frå kommunen er om tiltaka tek omsyn til kulturmiljøet. Det må presiserast at ein i kulturminneplanen ser vernekategori A med omsynssone som eit «vern gjennom bruk» og er ikkje ei freding.

Til slutt vil ein minna om at kulturminne og kulturmiljø som er med i kommunen sin kulturminneplan vert prioritert når det gjeld tildeling av tilskot frå kommune, fylket og nasjonale instansar.

Tilråding:

Tema og problemstillingar uttalen peiker på vert tatt til følgje. Ut frå vurdering vert kulturmiljøet «Kystgarden Notanes» ståande i kulturminneplanen som eit kulturminne/-miljø med sær høg verdig og omsynssone.

Austevoll, Fitjar og Stord Landbrukskontor – Kulturmiljø kystgarden Hotvik

«Burde ikkje om omsynssona strekt seg litt lenger nord, slik at heile innmarks steingarden var innafor?»

Vurdering:

Tilråding: Tema og problemstillingar uttalen peiker på vert tatt til følgje. Uttalen vert arbeid vidare med og kjem med i endeleg kommuneplan - arealdelen.

Svein Harald Såtendal – Gardsmiljø Såtendal – (G og B.nr 49/02)

Stiller spørsmål med betydningen av at kulturmiljøet er i vernekategori A. Vil det legges begrensninger på bruk og forvaltning av eiendommen i fremtiden?

Melder at de har innspill til forslag om omsynssone for å ivareta kulturmiljøet i et helhetsperspektiv. Familien har klare innspill til dette.

De er negative til vern av eiendommen.

Vil at tiltak knytt til skilting/appinformasjon vert fjerna frå kulturmiljøplanen.

Vurdering:

I arbeidet med kulturminneplanen er gardsbruk som kan visa den tradisjonelle driftsforma med landbruk og fiske blitt vurdert som viktige kulturmiljø å ta vare på. Dei har i planen fått nemninga kystgard. Kystgardane har stor historisk og landskapsmessig verdi for kommunen. Me har få igjen av dess gardane i kommunen vår. Kystgardane som er med i planen er gitt eit «stempel» som eit særmerka kulturmiljø å ta vare på for ettertida. Kystgardane har verdier som minner oss om arbeidet som blei lagt ned for å busette seg og overleve her på øyane i vest. Dei er kjelder til å forstå ei livs- og driftsform som nå er passe'. Dei utgjør og viktige element i kystlandskapet. Såtendal er eit sær godt eksempel på desse verdiane. Grunneigarane har lagt ned eit stort og framifrå arbeid med vedlikehald av bygningar og landskap. For å behalda og utvikla Såtendal i tråd med dei historiske verdiane har kystgarden fått kategori A med omsynssone.

Det vert stilt spørsmål om evt. begrensing ved denne kategorien. I dette ligg at om ein skal utvikla området må grunneigar sjå til at kulturmiljøet ikkje blir råka. Ein ynskjer å oppretthalda karakter og særtrekk til kulturminna og omkringliggende miljø.

Området Såtendal ligg ikkje som eit utbyggingsområde i kommuneplan, men som eit LNF område. Med dette meiner ein at landbruk-, natur- og friluftsverdier skal gå føre. No vil Såtendal også få ei sone for området slik at ein må ivareta kulturmiljøet og landskapsverdier. Dette betyr at eigar ved ei utvikling av området må ta omsyn både til LNF-verdiane og kulturmiljø verdiane.

Me ser at grunneigar og familie på sikt vil kunne ønskje endring av og i området. Dette kan vere å tilføre eigedommen nye bygg og/eller endring av eksisterande bygg til nye funksjonar. Slike tiltak vil i alle høve vere søknadsplichtige og vurderinga frå kommunen er om tiltaka tek omsyn til kulturmiljøet. Det må presiserast at ein i kulturminneplanen ser vernekategori A med omsynssone som eit «vern gjennom bruk» og er ikkje ei freding.

Til slutt vil ein minna om at kulturminne og kulturmiljø som er med i kommunen sin kulturminneplan vert prioritert når det gjeld tildeling av tilskot frå kommune, fylket og nasjonale instansar.

Eigar ber om at punktet kulturminneinformasjon knytt til skilting/app blir fjerna frå planen. I konkrete formidlingsprosjekt der Såtendal blir involvert skal eigar kontaktast.

Innspel til omsynsona som er sett rundt eigedommen må justerast i samband med justering av plankart i kommunen sin arealdel i den nye kommuneplanen.

Tilråding:

Tema og problemstillingar uttalen peiker på vert tatt til følge. Ut frå vurdering vert kulturmiljøet «Kystgarden Såtendal» ståande i kulturminneplanen som eit kulturminne/-miljø med særskild høg verdig og omsynssone.

Det er viktig at historia til Såtendal vert dokumentert og at denne kunnskapen vert brukt i kulturhistorisk samanheng. Punkt om skilting eller app blir etter ynskje frå eigar tatt ut.

Vestland Fylkeskommune – Avd. for Kultur, idrett og inkludering - Innspel til heile planen

Positive til arbeidet som er gjennomført.

Merknad til:

- A. -Riksantikvaren vil at ein endrar tittel frå kulturminneplan til kulturmiljøplan
- B. -Vil ha med eige avsnitt der ein presiserer føringar for kulturmiljøfeltet generelt (nasjonalt, regionalt og kommunalt)
- C. -Vedr Askeladden – det er kulturminne- og miljø som er prioritert i kulturmiljøplanen som skal leggst inn i databasen (jfr rettleiar frå riksantikvaren <https://www.riksantikvaren.no/veileder/kommunalt-verneverdige-kulturminner-i-askeladden/>)
- D. -Det er skissert mange tiltak, -det bør difor vera eit mål et ein jobbar fram ei 100% stilling til dette formålet.
Det er og positivt om ein får etablert eit «kulturminneteam»
- E. -Viktig å vera i dialog med fylket om automatisk freda kulturminne + at prioriteringslista vert utvida
- F. -Mange tiltak er skissert i planen. Desse må prioriterast og strukturerast
- G. -Se på samsvaret mellom vernekategoriar A, B og C -og kapittel «Nyare tid kulturminne – kategoriar for vern og ivaretaking» side 33. I denne delen må ein ta med kva sett av verdiar ein vil bruka i føresegner til sist i planen
- H. -Oppsummering:
Fylkeskommunen ynskjer å vera i dialog om innlegging av data i Askeladden, rutinar i plan-og byggesaker. Tiltaka viser eit omfattande arbeid som krev ei 100% stilling. Oppretting av eit kulturminneteam vil kunne gjerna Austevoll til ein føregangskommune når det gjeld kulturmiljøforvaltning.

Vurdering:

Fylkeskommunen kjem med konkrete forslag til klargjering og retting av planen.

Punkta er gått gjennom:

A – planen endrar tittel med at ein byter ut kulturminneplan med kulturmiljøplan

B – det vert lagt inn i planen eit eige avsnitt der ein presiserer føringar for kulturmiljøfeltet generelt (nasjonalt, regionalt og kommunalt)

C- i databasen Askeladden er kulturminne- og miljø som er prioritert i kulturmiljøplanen som skal leggst inn i databasen. Denne presisering vert innarbeid i planen.

D -det er skissert mange tiltak i planen. Det bør difor vera eit mål et ein jobbar fram ei auking av prosent til denne stillinga i samband med budsjett for 2023.

Det er og positivt om ein får etablert eit «kulturminneteam». Dette er ei oppgåve kulturminnerådgivar arbeider med i planperioden.

E-Ein ser det som viktig å vera i dialog med fylket om automatisk freda kulturminne, pluss at prioriteringslista vert utvida.

F-Mange tiltak er skissert i planen. Desse må prioriterast og strukturast. Kulturminnerådgjevar må setta seg årleg mål for gjennomføringa av tiltaka.

G-Ein ser at det må samsvara mellom vernekategoriar A, B og C -og kapittel «Nyare tid kulturminne – kategoriar for vern og ivaretaking» side 33. I denne delen må ein ta med kva sett av verdiar ein vil bruka i føresegnar til sist i planen. Dette vert innarbeid før endeleg politisk behandling og vedtak.

Tilråding:

Konkrete punkt, tema og problemstillingar uttalen peiker på vert tatt til følge. Uttalen vert arbeid vidare med og kjem med i endeleg plan for kulturmiljø.

Kjeldeliste

Austevoll kommune: Føresegner og retningslinjer til arealdelen i kommuneplanen for Austevoll 2012 – 2023

Austevoll kommune: SEFRAX-registrering/Registrering av faste kulturminne på deler av Selbjørn i Austevoll (1991) <https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/KlientFull.htm?20.12.21>

Austevoll kommune: Hufthamartunet Gjenstandsregistrering 1996

Austevoll kommune Austevoll/Bergen Austevoll – ut mot hav- Samfunnsdel til kommuneplanen 2013 – 2024/ Prosjekt Ny næring i gamle bygg i strandsona» Storebø 2013

Brekke, Nils Georg (red.): Kulturhistorisk Vegbok for Hordaland. Utgjevar: Hordaland

Fylkeskommune/Nord 4/Vestkyst . Bergen 1993

Bømlo Kommune: Kulturminneplan – Kommunedelplan for kulturminne 2021 -2032

<https://www.bomlo.kommune.no/f/p1/i49a2bf7c-3567-44d6-99bd-b28c619146d4/kulturminneplan-bomlo-vedteke-i-kommunestyret-22032021-ps-26-2021.pdf>

Bømlo Kommune: Vedlegg til kulturminneplan

<https://www.bomlo.kommune.no/f/p1/i45d4f314-6c80-4502-bb47-bfa21ed7e06f/kulturminneplan-bomlo-vedlegg-vedteke-i-kommunestyret-22032021-ps-26-2021.pdf>

Dyngvold, Finn og Trond Hagenes: *Eit lite øysamfunn i Den store krigen 1939-45*. Austevoll forlag AS. Storebø 2015

Gloppen kommune: Kulturminneplan 2019 – 2019 (<https://gloppen.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kulturminne/>)

Grind: Kulturminne og kulturlandskap (<https://www.grind.no/landskap/kulturminne-kulturlandskap>)

Grind: Samferdsle <https://www.grind.no/samferdsle/samferdsle>).

Hordaland Fylkeskommune v /Fylkeskonservatoren « Verneverdig sjøbruksmiljø» (1989)

Hordaland Fylkeskommune v /Fylkeskonservatoren «Gamle Handels-og gjestgiversteder på Vestlandet – Del 1 Ytre Hordaland» (1973)

Hordaland fylkeskommune Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK)

Kulturminnefondet: 15 år med vern og bruk (<https://kulturminnefondet.no/15-ar-med-vern-og-bruk/>)

Norsk Kulturarv: Vern gjennom aktiv bruk (<https://www.kulturarv.no/vern-gjennom-aktiv-bruk>)

Rabben, Anders Magne: "Ørnehytter – Selbjørn/Austevoll – Hordaland 2005-2006"

Rakved – Lokalhistorisk tidsskrift 2014 Om steinbrot i Austevoll – tekst Målfrid Bjånesøy

Regjeringa – Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø – Rundskriv Q-06/2020

<https://www.regjeringen.no/contentassets/00d635cb742944b2a7a441ea7f20635a/rundskriv-q-06-2020-1.pdf>

Riksantikvaren - Veileder Kommunalt verneverdige kulturminner i Askeladden

([file:///C:/Users/akkrma/Downloads/Kommunalt verneverdige kulturminner i Askeladden-1.pdf](file:///C:/Users/akkrma/Downloads/Kommunalt_verneverdige_kulturminner_i_Askeladden-1.pdf))

Riksantikvaren - Veileder. Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminner og kulturmiljø (2014)

Riksantikvaren: Hvorfor bør kommunen ha en kulturminneplan?

<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen-KIK/Hvorfor-boer-kommunen-ha-en-kulturminneplan>

Riksantikvaren: Kulturminner er ferieminner (<https://www.riksantikvaren.no/siste-nytt/pressemeldinger/kulturminner-er-ferievinner/>)

Riksantikvaren: Rapport. Kulturarvens samfunnsnytte – verdiskapingsarbeidet 2012-2015

Riksantikvaren: Tilpasning til et klima i endring (<https://www.riksantikvaren.no/tilpasning-til-et-klima-i-endring/>)

Samarbeidsrådet for Sunnhordland: Strandsoneplan Sunnhordland.

Delrapport kulturminner (2015-02-02)

Tufteland, Johan (red.): Austevoll gard og ætt I. Møkster sokn. Utgjevar: Austevoll herad (1978)

Tufteland, Johan (red.): Austevoll kultursoge I. Utgjevar: Austevoll kommune (1986)

Vestland fylkeskommune - Kulturarv (<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/>)

Wikipedia - Torv (<https://no.wikipedia.org/wiki/Torv>)

Generelle brukssider på internett

www.Askeladden.no

www.disnorge.no

www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal

www.grind.no (Austevoll)

<http://kartverket.no/Kart/Stedsnavn>

<http://clu.uni.no/stadnamn/cgi-bin/lydkart/stadnamn-kart-lyd.py>

www.kirkesok.no

www.kulturminnesok.no

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Lokalhistoriewiki:Hovedside>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50> (lov om kulturminne)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71> (plan og bygningsloven)

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854> (Forskrift om konsekvensutredninger)

www.miljoatlas.no

www.miljostatus.no

Foto/illustrasjon

Foto og illustrasjonar er nemnde med namn eller det er vist til nettstad i teksten.

Der det ikkje er vist til namn er fotografen – Kristin Magnussen

Foto - Forside

Eldre foto Sverre Sande

Vinnesvåg – Austevoll kommune

Nye foto – Kristin Magnussen